



DET KONGELEGE  
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

# St.meld. nr. 7

(2002–2003)

---

## Trusopplæring i ei ny tid

Om reform av dåpsopplæringa i Den norske kyrkja



## Innhald

<b>1</b>	<b>Hovudinnhaldet i meldinga .....</b>	<b>5</b>	<b>4</b>	<b>Vegen mot målet .....</b>	<b>23</b>
1.1	Innleiing .....	5	4.1	Innleiing .....	23
1.2	Samandrag .....	6	4.2	Bemanningsbehovet etter forslaget frå	
1.2.1	NOU 2000:26 (kap. 2) .....	6		dåpsopplæringsutvalet .....	23
1.2.2	Reform av dåpsopplæringa i Den norske kyrkja .....	6	4.3	Forslag frå Kyrkjerådet om opptrappingsplan for den kyrkjelege bemanninga .....	24
<b>2</b>	<b>NOU 2000:26 .....</b>	<b>10</b>	4.3.1	Innleiing .....	24
2.1	Innleiing .....	10	4.3.2	Hovudpunkta i opptrappingsplanen frå Kyrkjerådet .....	24
2.2	Hovudpunkta i NOU 2000:26 .....	10	4.4	Vegen framover .....	27
2.2.1	Generelt .....	10	4.4.1	Innleiing .....	27
2.2.2	Omfanget, organiseringa og innretninga av opplæringstilbodet	11	4.4.2	Dei første stega på vegen .....	28
2.3	Høyringa .....	13	4.4.3	Andre spørsmål på vegen .....	33
2.3.1	Høyringa i regi av Kyrkjerådet .....	13			
2.3.2	Høyringa i regi av departementet	15	<b>5</b>	<b>Økonomiske og administrative konsekvensar .....</b>	<b>36</b>
<b>3</b>	<b>Visjonen og målet .....</b>	<b>17</b>	5.1	Økonomiske konsekvensar .....	36
3.1	Dåp og dåpsopplæring .....	17	5.2	Administrative og andre konsekvensar .....	36
3.2	Historisk perspektiv på dåpsopplæringa .....	18			
3.3	Dåpsopplæringa og opplæringstilbodet i dag .....	19			
3.3.1	Riss av den heimlege situasjonen	19			
3.3.2	Situasjonen i andre land og kyrkjesamfunn .....	20			
3.4	Målet og utfordringane .....	22			





DET KONGELEGE  
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

# St.meld. nr. 7

(2002–2003)

## Trusopplæring i ei ny tid

Om reform av dåpsopplæringa i Den norske kyrkja

*Tilråding frå Kultur- og kyrkjedepartementet av 11. oktober 2002,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*

### 1 Hovudinnhaldet i meldinga

#### 1.1 Innleiing

Regjeringa legg med dette fram ei melding om reform av dåpsopplæringa i Den norske kyrkja. Målet med reforma er å styrkje dåpsopplæringa i kyrkja.

Barn og unge har rett til opplæring i eiga tru. Opplæring i eiga tru gir grunnlag for å utvikle og å vere trygg på eigen identitet. Trus- og livssynsopplæringa er slik ein viktig del av identitetsutviklinga for den einskilde. Regjeringa ser spørsmål om tru og livssyn, om identitet og tilknytning, som grunnleggjande i eit samfunn der det religiøse og kulturelle mangfaldet er aukande. I møte og dialog med dei som har eit anna livssyn, ei anna tru og ein annan kulturbakgrunn, er det viktig å ha innsikt i og vere medviten om eiga tru og egne kulturtradisjonar.

Trus- og livssynsopplæringa for barn og unge går føre seg i heimane og i regi av dei einskilde trudoms- og livssynssamfunna. Undervisninga i skulen om dei ulike religionane og livssyna har eit anna grunnlag og eit anna mål enn opplæringa i regi av trudoms- og livssynssamfunna.

Til felles med andre trudoms- og livssynssamfunn i vårt land som gir trus- og livssynsopplæring, har Den norske kyrkja ulike tilbod om opplæring i den kristne trua. Konfirmasjonsopplæringa er ein del av dette tilbodet. Grunnlaget for trusopplæringa er dåpen. Ved dåpen vert barnet døypt til ei kristen tru og innlemma i den kristne kyrkja. Dåpsopplæringa i Den norske kyrkja er opplæring i det barnet fekk del i ved dåpen. I vår kyrkje høyrer dåp og dåpsopplæring saman.

Regjeringa ser ei styrking av dåpsopplæringa i kyrkja som ein del av den oppgåva det er å halde ved like og utvikle Den norske kyrkja som ei levande folkekyrkje og føre vidare den kristne kulturarven. Kristen tru og kristne verdiar har prega vårt folk gjennom tusen år; i heimen, i arbeidslivet, i oppbygginga og utviklinga av våre samfunnsinstitusjonar, i byggjeskikkar og lovverk. Denne arven kjem til uttrykk i vårt språk, i vår litteratur, i musikken og biletkunsten. Han er både renning og innslag i vår kultur. Som folkekyrkje, som den fremste tradisjonsberaren og formidlaren av den kristne trua, skal Den norske kyrkja føre vidare denne arven til nye generasjonar.

Tidlegare var opplæringa av dei døypte eit ansvar for den offentlege skulen. Utviklinga innan skulen dei siste 20–30 åra har markert at dette ikkje er skulen si oppgåve. Dåpsopplæringa har dermed mindre omfang no enn før.

Regjeringa har som mål at dåpsopplæringa i kyrkja vert utvikla og utvida slik at alle kyrkje-lydane i landet skal kunne gi eit systematisk og samanhengande tilbod frå barnet vert døypt til fylte 18 år. I denne meldinga gjer departementet nærare greie for grunnlaget og målet for styrkinga av dåpsopplæringa, dei utfordringane som kjem som følge av målet, og korleis vegen mot målet kan formast.

Det er eit grunnleggjande prinsipp at dei ulike trudoms- og livssynssamfunna skal vere likestilte når det gjeld økonomisk støtte frå det offentlege. Ei reform av dåpsopplæringa i Den norske kyrkja vil stille krav om ein auka offentleg ressursinnsats til fordel for Den norske kyrkja. Den same økonomiske støtta som på dette grunnlaget kjem Den norske kyrkja til gode, rekna per medlem, vil derfor òg kome andre trudoms- og livssynssamfunn til gode ved ein auke i den økonomiske støtta. Denne auken vil ha målet om å styrkje trus- og livssynsopplæringa som bakgrunn. Det vil likevel vere dei einskilte trudoms- og livssynssamfunna som tek stilling til kva auken skal nyttast til.

## 1.2 Samandrag

### 1.2.1 NOU 2000:26 (kap. 2)

Ved kongeleg resolusjon i 1999 vart det oppnemnt eit offentlig utval til å greie ut spørsmål knytte til dåpsopplæringa i Den norske kyrkja. Utgreiinga frå dåpsopplæringsutvalet låg føre hausten 2000, jf. NOU 2000:26 «...til et åpent liv i tro og tillit». Utvalet tok til orde for ei brei satsing på kyrkja si dåpsopplæring. Forslag til eit utvida og systematisk opplæringstilbod for alle døypte fram til fylte 18 år, i eit omfang på 315 timar, vart lagt fram. Utvalet rekna dei budsjettmessige konsekvensane til å vere ca. 550 mill. kroner, som i første rekkje ville gå med til dei om lag 1 300 nye årsverka som utvalet meinte kyrkja ville ha behov for ved å gjennomføre tilbodet. Frå det tidspunktet kyrkjelydane hadde ressursar og kunne gi tilbod om eit utvida og systematisk opplæringstilbod til dei døypte, meinte utvalet at dåpsopplæring i regi av kyrkja burde lovfestast som ein individuell rett for dei døypte.

Under høyringa av NOU 2000:26 kom det ikkje fram vesentlege innvendingar til dei forslaga ut-

valet la fram. Høyringsinstansar innan Den norske kyrkja understreka behovet for å styrkje dåpsopplæringa på det grunnlaget og i det omfanget utvalet foreslo. Kyrkjemøtet 2001 understreka det same.

I kap. 2 i meldinga er det gjort greie for hovudpunkta i NOU 2000:26 og for det som kom fram under høyringa.

### 1.2.2 Reform av dåpsopplæringa i Den norske kyrkja

#### *Bakgrunn og motiv (kap. 3)*

Dåp og dåpsopplæring høyrer saman i den kristne kyrkja. Dette er utgangspunktet for den reforma av dåpsopplæringa i kyrkja som er målet for meldinga. Den som vert døypt, skal ha opplæring i kva dåpen er.

Tidlegare var dåpsopplæringa ein del av den undervisninga og oppsedinga som skulen har ansvaret for. Ved endringar i grunnskulelova i 1969 og i utviklinga av kristendomsfaget vart det markert at skulen ikkje lenger hadde ansvaret for opplæringa av dei døypte. Undervisninga i skulen gir i dag kunnskap om kristendommen og andre religionar og livssyn, men undervisninga skal ikkje vere forkynnande eller gi opplæring til tru og praksis. Kyrkja sitt ansvar for dåpsopplæringa vart forsterka ved denne utviklinga i skulen. Frå kyrkjeleg hald er det understreka at kyrkja ikkje har hatt ressursar til å realisere dette ansvaret i det omfanget dåpsopplæringa i skulen hadde tidlegare.

Den samfunnsmessige og folkekyrkjelege situasjonen er ein annan i dag enn for nokre tiår sidan. Medlemstalet i Den norske kyrkja er framleis høgt, 86 pst., og vel 80 pst. av dei som vert fødde, vert døypte. Den nærleiken mellom folk og kyrkje som har prega vårt land gjennom tusen år, er slik framleis til stades. Opplæringa av dei døypte i kristen tru og kristne tradisjonar har likevel vorte svekt. Dette er for ein del eit resultat av at kyrkja ikkje har hatt ressursar til å kome i møte det auka behovet for dåpsopplæring som avviklinga av dåpsopplæringa i skulen førte med seg. I tillegg er det grunn til å understreke dei verknadene det har hatt for opplæringa at deltakinga blant barn og unge i kyrkjelivet har hatt nedgang dei siste tiåra. Dette har mange og ulike grunnar, og gjeld både arbeidet i dei einskilte kyrkjelydane og i dei frivillige kristelege organisasjonane. Ved sida av opplæringa i heimen er det gjennom deltakinga i kyrkjelivet, i fellesskapet med andre, at opplæringa i den kristne trua og dei kristne kulturtradisjonane i første rekkje går føre seg.

Med bakgrunn i den samanhengen det er mel-

lom dåp og dåpsopplæring, og i lys av dei samfunnsmessige og historiske utviklingstrekka som har ført til endringar i den tradisjonelle dåpsopplæringa, er det behov for ei reform som kan fornye og styrkje dåpsopplæringa i kyrkja.

Barn og unge representerer framtida. Dei verdier, haldningar og livssyn dei unge har, vil prege samfunnet i åra framover. På same måten er det dei døypte barna som skal forme og utvikle kyrkja for framtida, og føre den kristne kulturarven vidare. I dette perspektivet handlar fornying og styrking av dåpsopplæringa i kyrkja om å halde ved like og utvikle Den norske kyrkja som ei levande og open folkekyrkje for nye generasjonar.

Dåpsopplæringa i kyrkja, sameleis som trus- og livssynsopplæringa i andre trudoms- og livssynsamfunn, skal stimulere til bygging av eigen identitet og forståing av eigen kultur og tradisjonar i eit samfunn der innslaget av ulike trudoms- og livssynssamfunn vert stadig rikare. Ved å fostre ungdom som er trygge i sin eigen identitet, er det grobott for respekt og toleranse i møte med dei som har ei anna tru eller eit anna livssyn.

#### *Hovudpunkta i reforma (kap.4)*

I NOU 2000:26 vart det understreka at eit utvida og systematisk opplæringstilbod i alle kyrkjelydane må utviklast over tid. Utvalet meinte tidsperspektivet burde vere ti år. Utvalet peikte i denne samanhengen på dei utfordringane kyrkja ville stå framfor, mellom anna med omsyn til rekrutteringa til nye stillingar innan opplæringsfeltet.

Den auken i bemanningsbehovet som kyrkja vil ha ved eit fullt utvikla opplæringstilbod, vart av dåpsopplæringsutvalet rekna til 1 300 årsverk. I ein rapport frå 2001 har Kyrkjerådet utarbeidd forslag til ein bemanningsplan for kyrkja der behovet for bemanningsauke innan opplæringsfeltet er sett i samheng med det generelle behovet for auka bemanning i kyrkja.

Departementet legg til grunn at ei utvida og systematisk dåpsopplæring i kyrkja ikkje kan skje utan at kyrkja vert tilført ein vesentleg auke i ressursane, særleg til nye stillingar. Departementet meiner ein auke i bemanninga i kyrkja i åra framover no i første rekkje må vere innretta mot å styrkje dåpsopplæringa, som i dag står fram som det truleg viktigaste innsatsområdet for kyrkja.

Gjennomføringa av ei reform av dåpsopplæringa vil ha i seg mange utfordringar. I tillegg til dei generelle utfordringane som heng saman med resurstilgang, bemanning og rekruttering, vil den einskilde kyrkjelyden stå framfor praktiske, organisatoriske og pedagogiske utfordringar. Informa-

sjon og samarbeid med foreldra/dei føresette må utviklast i eit omfang som ikkje har vore prøvd ut før. Eit utvida opplæringstilbod skal integrerast i dei aktivitetane som finst i kyrkjelydane i dag. Kyrkjelyden må finne fram til organisatoriske og praktiske løysingar som er tilpassa situasjonen i kyrkjelyden. Det vil vere behov for å byggje ut samarbeidet med dei frivillige organisasjonane som arbeider blant barn og unge. Det vil òg vere behov for lokale samarbeidsløysingar mellom kyrkjelydane, slik at ressursar og kompetanse vert utnytta rasjonelt. Gjennom lokale opplæringsplanar må det praktiske og pedagogiske opplegget for opplæringa finne si utforming. Det må leggjast til rette for opplæring av barn og unge med særskilde behov. Mange stader må det etablerast samarbeid mellom kyrkje og skule, særleg i spørsmål om bruken av skulen som undervisningslokale. På regionalt og sentralt hald i kyrkja er det behov for fagkompetanse som kan rettleie kyrkjelydane. Nye og utvida opplæringstilbod stiller krav om utvikling av pedagogiske opplegg, tilpassa dei ulike alderstrinna. Bruk av ny teknologi og Internett i opplæringa vil vere ein naturleg del av dette. I tillegg kjem behovet for å utvikle læremiddel, ikkje minst på dei samiske språka.

Både ut frå det ressursbehovet som er knytt til gjennomføringa av eit systematisk og utvida opplæringstilbod, og ut frå dei mange praktiske, organisatoriske og pedagogiske utfordringane som kyrkja lokalt, regionalt og sentralt i denne samanhengen står framfor, må det leggjast til grunn eit langsiktig perspektiv for gjennomføring av reforma. Det viktige no er å leggje til rette for ei målretta og trinnvis framdrift. Departementet meiner den første delen av reforma, det første trinnet, bør vere ein forsøks- og utviklingsfase som femner breitt. Gjennom forsøks- og utviklingstiltak, innhenting av erfaringar og systematiske evalueringar, skal eit utvida opplæringstilbod utviklast og prøvast ut. Eit breitt forsøks- og utviklingsarbeid skal gi kunnskap og erfaringar som den vidare utviklinga av dåpsopplæringa kan byggje på, ikkje minst om kor mange barn og unge som tek del i tilbodet, om eit opplæringstilbod på 315 timar bør vere retningsgivande for den vidare utbygginga og om rekrutteringa av personell innan opplæringsfeltet er tilfredsstillande i høve til behovet.

Eit systematisk forsøks- og utviklingsarbeid må vere samordna. Det må ha faglege og organisatoriske rammer, og det må avgrensast i tid. Departementet meiner forsøks- og utviklingsarbeidet må prosjekterast, med ein prosjektperiode på fem år. Kyrkjerådet bør ha det overordna prosjekt-

ansvaret. Prosjektleiinga bør leggjast til ei sentral styringsgruppe med brei representasjon, oppnemnd av Kyrkjerådet.

Utgangspunktet for forsøks- og utviklingsarbeidet er at det skal ha sterk lokal og regional forankring. Utviklinga av opplæringstilbodet i den ein-skilde kyrkjelyden vil vere kyrkjelyden sitt ansvar, men bispedømme skal ha ei sentral rolle ved til-delinga av økonomiske midlar og ved å gi kyrkjelydane fagleg og praktisk hjelp.

I eit samla opplæringstilbod frå dåp til fylte 18 år vil det vere ulike opplæringstrinn eller opplæringsfasar. For å sikre ei systematisk og samordna utprøving av eit utvida opplæringstilbod meiner departementet at forsøks- og utviklingsarbeidet bør byggje på ei ansvars- eller oppgåvefordeling mellom bispedømme, dvs. at bispedømme får tildelt ulike delar av opplæringsfasane (dåpsfasen, førskulefasen, småskulefasen osv.). Den faglege og ressursmessige satsinga vil dermed vere innretta mot den delen av forsøks- og utviklingsarbeidet som det ein-skilde bispedømmet får tildelt. Dei ein-skilde kyrkjelydane i kvart bispedømme vil arbeide på eit felles grunnlag, og det vil mellom anna ligge til rette for praktiske og organisatoriske samarbeidsløysingar kyrkjelydane imellom, og betre utnytting av ressursar og kompetanse. Departementet meiner det er naturleg at fire bispedømme får tildelt dåps- og førskulefasen som særskilt satsingsområde, fire bispedømme får tildelt småskulefasen som satsingsområde, og tre bispedømme får tildelt den siste delen av opplæringstida som satsingsområde. Denne arbeidsdelinga mellom bispedømme skal vere retningsgivande, ikkje bindande. Det må vere rom for fleksibilitet, for å gi fagleg og økonomisk støtte til kyrkjelydar som har særskilde føresetnader for å utvikle andre delar av opplæringstilbodet enn det som er satsingsområdet i bispedømmet. I tillegg meiner departementet at det i den første delen av reformperioden vil vere viktig å prøve ut eit samanhengande opplæringstilbod i nokre kyrkjelydar, dvs. heile opplæringstilbodet på 315 timar, der alle opplæringsfasane er med. Dette vil vere ressurskrevjande, og utvalet av kyrkjelydar må ikkje vere for stort. Departementet meiner talet bør avgrensast til 33 kyrkjelydar, tre i kvart bispedømme. Minst éin kyrkjelyd skal ligge i samisk område.

Ei brei styrking av dåpsopplæringa i kyrkja stiller krav om god utnytting av den fagkompetansen som finst innan feltet. Denne er i dag spreidd på ulike stader. For å få utnytta kompetansen godt, meiner departementet det må etablerast eit nasjonalt kompetansenettverk for dåpsopplæring i kyrkja. Kyrkjerådet og den sentrale prosjektleiinga

må ha ansvaret for å etablere nettverket og halde det ved like.

Departementet legg til grunn at kvart bispedømme må få tildelt eit nytt årsverk i samband med reforma. Denne stillinga vil vere ei prosjektleiarstilling for utvikling av dåpsopplæringa i bispedømmet. Den regionale prosjektleiaren må arbeide i nær kontakt med den sentrale prosjektleiinga. På sentralt nivå vil det vere behov for å etablere eit særskilt sekretariat for styringsgruppa. Den sentrale prosjektleiinga skal ha ansvaret for sentrale utviklingstiltak, gi fagleg og praktisk rettleiing til bispedømme og koordinere innsatsen. Det sentrale prosjektsekretariatet bør ha om lag fem årsverk. Styringsgruppa saman med Kyrkjerådet må avklare arbeidsdelinga mellom bispedømme og den sentrale prosjektleiinga, kva for oppgaver som skal ligge til prosjektsekretariatet og Kyrkjerådet sitt sekretariat, og kva for oppgaver som etter avtale bør leggjast til eksterne fagmiljø.

Departementet legg til grunn ei budsjettmessig opptrapping på om lag 250 mill. kroner for gjennomføringa av reforma. Tidsperspektivet for denne opptrappinga er fem til ti år. Departementet understrekar at ein slik opptrappingsplan kvart år må vurderast i lys av den aktuelle budsjettsituasjonen. Det meste av løyvingane skal gå som tilskott til kyrkjelydane. Elles skal løyvingane gå til sentrale utviklingstiltak og til å styrkje kompetansen og kapasiteten på regionalt og nasjonalt nivå i kyrkja. Det femårige forsøks- og utviklingsarbeidet skal finansierast innanfor ramma av den nemnde opptrappingsplanen. Departementet vil derfor kvart år vurdere framdrifta og takten i løyvingane.

Eit utvida opplæringstilbod i kyrkja vil ikkje føre med seg forsterka eller bindande plikt for dei døypte til å delta. Deltakinga i opplæringstilbodet vil vere frivillig, og det mynde dei føresette for barnet har i dag til å treffe avgjerd om deltaking, vil vere det same som før. Når det gjeld spørsmålet om lovfesta individuell rett til dåpsopplæring, legg departementet til grunn at slik lovfesting ikkje er aktuell før opplæringstilbodet i kyrkjelydane er fullt utbygd. Dette er i samsvar med tilrådinga frå dåpsopplæringsutvalet og Kyrkjemøtet 2001. Dersom det i samband med reforma vil vere behov for å endre reglar i kyrkjelova, særleg reglane om ansvars- og oppgåvefordelinga mellom kyrkjelege organ, vil departementet kome tilbake til det.

Eit utvida dåpsopplæringstilbod i kyrkjelydane vil kunne medføre eit nærare samarbeid mellom kyrkja og skulen, i første rekkje ved at det mange stader av praktiske grunnar vil vere behov for å bruke lokala i skulen til opplæringa. Det vil òg mange stader vere praktiske fordelar ved å leggje



opplæringstida nær skulen si eiga undervisningstid, særleg når det gjeld opplæringa av barn som går i småskulen. Slike spørsmål må løysast ved lokale avtalar. Det vil vere den som elles tek avgjerd om bruken av skulen utanom ordinær undervisningstid som må ta avgjerd i dette spørsmålet.

Etter kyrkjelova § 36 kan konfirmasjonsopplæringa leggjast som ein del av undervisningstida i skulen, etter avtale mellom skulen og kyrkjelyden. Spørsmålet om ei innstramming eller oppheving av denne regelen vart drøfta av dåpsopplæringsutvalet, som såg behovet for regelen, men meinte han burde praktisierast strengt. Regelen i kyrkjelova § 36 er ei vidareføring av tidlegare reglar på området, og er grunnlagt med praktiske og økonomiske omsyn. Regelen har særleg samanheng med behovet for å utnytte dei skuleskyssordningane som er etablerte i kyst- og landdistrikta. Konsekvensane vil kunne vere store dersom regelen vert oppheva. Departementet meiner det ikkje er grunnlag for dette no. Departementet har tillit til at skulen og kyrkja lokalt finn fram til ein tenleg praksis på området, som òg tek omsyn til barn som høyrer til andre trudoms- eller livssynssamfunn, eller som av andre grunnar ikkje tek del i konfirmasjonsopplæringa.

#### *Økonomiske og administrative konsekvensar (kap. 5)*

Departementet legg til grunn at finansieringa av reforma skal vere ei oppgåve for statsbudsjettet. Departementet ser det ikkje som aktuelt å leggje

nye utgiftsplikter på kommunane i samband med reforma.

Som nemnt legg departementet til grunn ei budsjettmessig opptrapping på om lag 250 mill. kroner for gjennomføringa av reforma. Opptrappingsplanen har eit tidsperspektiv på fem til ti år.

Reforma av dåpsopplæringa i Den norske kyrkja skal gjennomførast og kome til uttrykk i våre kyrkjelydar. Det er i kyrkjelydane dei administrative konsekvensane av reforma vil ha størst omfang. Utprøving av ulike organisatoriske og praktiske løysingar i kyrkjelydane, saman med kartlegging og evaluering av dei administrative verknadene av reforma, er ein naturleg del av forsøks- og utviklingsarbeidet i første delen av reformperioden.

Det følgjer av reglane i § 19 i lov 13. juni 1969 om trudomssamfunn og ymist anna, jf. lov 12. juni 1981 om tilskott til livssynssamfunn §§ 1–3, at ei økonomisk satsing på dåpsopplæringa i Den norske kyrkja vil medføre den same auken i den statlege støtta til andre trudoms- og livssynssamfunn, rekna per medlem. Ei auka løyving på 250 mill. kroner til dåpsopplæringa i Den norske kyrkja vil etter reglane og medlemstala i dag utløyse ein auke på 20–25 mill. kroner til andre trudoms- og livssynssamfunn.

## 2 NOU 2000:26

### 2.1 Innleiing

I NOU 2000:26 «...til et åpent liv i tro og tillit» har eit offentleg utval drøfta grunnlaget og målet for dåpsopplæringa i Den norske kyrkja. Utvalet, det såkalla dåpsopplæringsutvalet, vart oppnemnt ved kongeleg resolusjon i 1999. Utgreiinga var ferdig i oktober 2000. Dåpsopplæringsutvalet har forslag til omfang, organisering og innretning av eit utvida dåpsopplæringstilbod i kyrkja, og drøftar kva premissar eit slikt tilbod skal vere bygd på. Utgreiinga har vore til offentleg høyring.

Kyrkje/stat-utvalet, som vart oppnemnt av Kyrkjerådet i 1998, utarbeidde i september 2001 ein delrapport om dåpsopplæringa i kyrkja. Saksfeltet er dessutan omtalt i sluttrapporten frå utvalet, som var ferdig i mars 2002. Sjølv om kyrkje/stat-utvalet har ei noko anna tilnærming til dette feltet enn dåpsopplæringsutvalet, avvik ikkje rapporten frå kyrkje/stat-utvalet frå dei konkrete forslaga som dåpsopplæringsutvalet hadde.

I dette kapitlet skal departementet gjere greie for hovudpunkta i NOU 2000:26 og det som kom fram i høyringa.

### 2.2 Hovudpunkta i NOU 2000:26

#### 2.2.1 Generelt

Utvalet har definert dåpsopplæringa i kyrkja på denne måten (NOU 2000:26, side 10):

«Med dåpsopplæring mener vi trosundervisning på grunnlag av eller med tanke på den kristne dåp. Dåpsopplæring er undervisning og oppdragelse som skal hjelpe barn og unge til å tilegne seg den kristne tro, finne sin plass i menighetens fellesskap, og å leve i samsvar med kristen livstolkning.»

Målet for dåpsopplæringa har utvalet presisert slik (NOU 2000:26, side 50):

«Hovedmålsettingen med en dåpsopplæring for vår tid er å føre barn og unge inn i den kristne tro og gi dem livshjelp, det vil si støtte til å tolke og mestre tilværelsen og sitt eget liv i

lys av evangeliet. Det vil derfor være en sentral oppgave at alle som deltar får kjennskap til hva det innebærer at Kristus kan gi trygg identitet, håp for framtiden og mot til å reise seg i krise og nederlag. Skal denne lykkes, må opplæringen ha preg av totalformidling og omfatte alle dimensjoner i religiøst liv, ikke bare den kognitive. Barn og unge må gis anledning til å møte et kristent fellesskap, bekjennende og tydelige modeller og på andre måter gjøre egne erfaringer gjennom kontakt med et miljø som synliggjør og bekrefter det kristne budskap.»

Etter ein gjennomgang av dei rettslege og økonomiske vilkåra som gjeld for dåpsopplæringa i dag, og av dei historiske utviklingslinjene som har ført fram til situasjonen i vår tid, meiner utvalet at det no må kome ei styrking av dåpsopplæringa og dåpsopplæringstilbodet i kyrkja. Utvalet strekar under at dåp og dåpsopplæring høyrer saman på ein uløseleg måte, og at det ikkje finst nokon kristen dåp utan føregåande eller etterfølgjande opplæring. Dåpsopplæring er noko kyrkjelyden har ansvaret for, og som alle døypte må kunne stille krav om å få.

Utvalet viser til at det ansvaret kyrkja har på dette området, ikkje er oppfylt i dag, i første rekkje av økonomiske grunnar. Utvalet meiner at det i åra framover er nødvendig å satse på dåpsopplæringa dersom Den norske kyrkja skal haldast oppe som folkekyrkje.

Utvalet understrekar at det må vere den ein-skilde kyrkjelyden – som det sentrale kristne læringsfellesskapet – som må vere det miljøet der dåpsopplæringa i kyrkja har si forankring. Sjølv om dåpsopplæringa slik er ei oppgåve og eit ansvar for kyrkja, understrekar utvalet at heimen til den døypte, med foreldre/føresette og fadrar, har ein sjølvsgd og sentral del av opplæringsansvaret. Utvalet viser til at heimen er det viktigaste læringsmiljøet for den religiøse oppsedinga av barnet, og dermed òg for dåpsopplæringa. Oppgåva for kyrkja er å gi støtte til foreldra/dei føresette og fadrane i å oppfylle deira del av ansvaret. Kyrkja si dåpsopplæring må derfor gå føre seg etter mandat frå og i samarbeid med heimen. Utvalet drøfter i denne samanhengen spørsmålet om foreldra/dei føre-

sette har ei form for juridisk plikt til å la barna ta del i kyrkja si dåpsopplæring, men meiner det er grunn til å vere varsam med å dra ein slik konklusjon, og at det ikkje vil vere aktuelt å endre den praksisen og det grunnlaget dåpen og dåpsopplæringa i kyrkja i dag er regulerte etter.

Utvalet meiner at dåpsopplæringa er viktig for identitetsutviklinga hos det døypte barnet, og dermed for den personlege utviklinga og veksten. Med bakgrunn i internasjonale erklæringar og konvensjonar om menneskerettar, som mellom anna understrekar at barn har rett til åndeleg utvikling, ser utvalet det som eit samfunnsansvar, dvs. som eit ansvar for staten og det offentlege, å støtte opp under all trus- eller livssynsopplæring for barn.

Utvalet meiner at staten, i vår statskyrkjeordning, har eit særskilt ansvar for å setje Den norske kyrkja i stand til å gi eit utvida tilbod om dåpsopplæring. Utvalet meiner at ansvaret for staten er forsterka med bakgrunn i dei endringane som har gått føre seg dei siste 30 åra når det gjeld kristendomsundervisninga i skulen, i første rekkje ved endringa i skulelovene i 1969, som medførte at kristendomsundervisninga etter den tid ikkje er å rekne som dåpsopplæring i kyrkjeleg mening. Utvalet meiner òg at innføringa av KRL-faget i 1997 har verka i same retning, dvs. forsterka behovet for å styrkje kyrkja si dåpsopplæring og det ansvaret staten har for at kyrkja kan kome behovet i møte. Utvalet meiner det er staten som i første rekkje må ha ansvaret for at dei nødvendige ressursane vert stilte til rådvelde for å byggje opp opplæringstilbodet i kyrkja. Det vert understreka at andre trudoms- og livssynssamfunn må ha den same økonomiske støtta.

På bakgrunn av desse vurderingane meiner utvalet at alle som vert døypte, skal ha krav på, eller rett til, å få tilbod om dåpsopplæring, og at dette må kome til syne i lovverket for kyrkja. Utvalet meiner likevel at det ikkje er aktuelt å setje i verk individuell og lovfesta rett til dåpsopplæring før kyrkja har dei ressursane og det tilbodet som skal til for å oppfylle retten.

### **2.2.2 Omfanget, organiseringa og innretninga av opplæringstilbodet**

Nedanfor er det i korte trekk gjort greie for dei forslaga dåpsopplæringsutvalet la fram om omfanget, organiseringa og innretninga av eit utvida dåpsopplæringstilbod i kyrkja.

### *Omfang og innretning*

Forslaget frå dåpsopplæringsutvalet om eit utvida og systematisk dåpsopplæringstilbod er utforma slik at det skal vere tilpassa ulike oppvekstfasar og alderstrinn: Første fasen 0–3 år, andre fasen 3–6 år (førskulefasen), tredje fasen 6–10 år (småskulefasen), fjerde fasen 10–13 år (mellomfasen), konfirmasjonsfasen 13–15 år, og siste fasen 15–18 år. I denne tida skal alle døypte barn få eit opplæringstilbod som svarer til 315 timar i alt, fordelte på dei ulike fasane og spesifiserte på konkrete opplæringstiltak.

I fasen 0–3 år (20 timar) skal det leggjast stor vekt på å utvikle kontakten mellom heimen og kyrkjelyden, med informasjon om trudomsgrunnlaget, om kyrkja og kyrkja sitt liv og om det opplæringstilbodet som kyrkjelyden gir. Etter kvart som barnet veks til, vil det vere aktuelt at oppfølginga frå kyrkja vert utvikla i samarbeid med barnehagar og kristelige organisasjonar som arbeider blant barn og unge. I førskulefasen 3–6 år (30 timar) skal det mellom anna vere tilbod om søndagsskule, ei form for kvardagsskule, og regelmessige familiegudstener. Dåpsopplæringsutvalet meiner opplæringstilbodet i den neste fasen, småskulefasen 6–10 år, bør organiserast som ein kyrkjeskule. Denne bør vere på dagtid i kyrkjelyden der barnet bur. Utvalet meiner dette er den viktigaste tida av dåpsopplæringa, og meiner ein tredel (120 timar) av opplæringstilbodet på 315 timar bør gå til denne fasen, med ytterlegare 30 timar i samband med juniorkonfirmasjon ved fylte ti år. Av pedagogiske grunnar meiner utvalet at opplæringstilbodet i denne tida bør gå føre seg i konsentrerte bolkar, dvs. ved fleire timar i samanheng eller over heile dagar. Utvalet foreslår at dåpsopplæringstilbodet frå barnet er 11 år til konfirmasjonsalderen (30 timar), i hovudsak vert organisert i form av leirar, og at tiltaka elles har vekt på leiarutvikling, tiltak knytte til gudstestene, diakonien og solidaritetsarbeidet, forutan deltaking i songkor, ungdomsklubbar o.l. For konfirmasjonstida (65 timar, av dette 45 timar som i dag) foreslår utvalet at opplæringa slik ho no er utforma, bør førast vidare utan vesentlege endringar. I fasen etter konfirmasjonstida meiner utvalet det er viktig å utvikle tilbod og aktivitetar som sikrar god kontakt mellom kyrkjelyden og dei unge, med mellom anna tilbod om leiarutvikling og samtalefora for trudoms- og livssynsspørsmål. Tilbodet i denne siste fasen skal ha eit omfang på 20 timar. Utvalet meiner det bør utviklast eit eige ritual, ein særskild liturgi, som markerer ei høgstemd avslutning av tida for dåpsopplæringa, dvs. ved fylte 18 år, da den unge òg får stemmerett ved kyrkjelege val.

Utvalet strekar under at det i alle fasar av dåpsopplæringa skal leggjast stor vekt på lokale tilpassingar både når det gjeld organiseringa og innhaldet, og at tilbodet må vere tilpassa barn med særskilde behov. Utvalet strekar òg under at samspråklege barn må ha krav på det same opplæringstilbodet som andre.

Utvalet meiner at omfanget av tilbodet – 315 timar fordelte på ulike alderstrinn – er eit minsteomfang dersom dåpsopplæringa skal fylle si meinig. Utvalet peiker i denne samanhengen på at det omfanget som er foreslått, inklusive konfirmasjonsopplæringa i dag på 45 timar, omtrent svarer til omfanget av kristendomsundervisninga i skulen den gongen denne undervisninga var rekna som dåpsopplæring.

Utvalet legg elles vekt på at det utvida dåpsopplæringstilbodet skal kome i tillegg til den opplæringa barna får i heimen. Opplæringstilbodet skal dessutan utviklast på grunnlag av, og som integrert del av, dei aktivitetane, det tilbodet og den opplæringa som i dag går føre seg i mange kyrkjelydar mellom barn og unge (songkor, foreiningar, barnegrupper og ungdomsklubbar m.m.) og i samarbeid med dei frivillige organisasjonane. Utvalet peiker på at det er nødvendig å samarbeide og å ha kontakt, ikkje berre med foreldre og fadrar, men med dei frivillige organisasjonane og barnehagane og skulen, i utforminga og gjennomføringa av dåpsopplæringstilbodet. Sjølv om det utvida opplæringstilbodet på mange måtar vil vere ei påbygging og vidareutvikling av dei tilboda som finst i kyrkjelydane i dag, strekar utvalet under at den systematiske og utvida opplæringa som er foreslått, representerer ei sterk og fornya satsing på dåpsopplæringa.

#### *Dåpsopplæringa og den offentlege skulen*

Utvalet meiner at dåpsopplæringa primært må gå føre seg i kyrkjelyden sine eigne lokale, i første rekkje i kyrkjebygget. Eit viktig motiv for dette, i tillegg til at det er med på å understreke at opplæringa er kyrkjelyden sitt opplæringstilbod, er at kyrkjerommet med sitt særpreg vil støtte opp om og vere ein del av opplæringa. Gjennom dette får opplæringa direkte samanheng med rituala i kyrkja, med liturgiane, gudstenestelivet og livet i kyrkjelyden elles. Utvalet opnar likevel for å bruke lokala i den offentlege skulen, særleg i småskulefasen 6–10 år. Utvalet peiker på at dåpsopplæringa alle stader må organiserast slik at det blir lagt praktisk til rette for at alle som ønskjer det, kan delta, same kvar dei bur. Det same omsynet til praktisk tilrettelegging for å få brei deltaking, er òg grun-

nen til at utvalet går inn for at store delar av dåpsopplæringa for barna i småskulealderen bør gå føre seg på dagtid, og at å bruke lokale i skulen i denne samanhengen ofte vil kunne vere nødvendig av praktiske grunnar. Av omsyn til prinsippet om likebehandling av trudoms- og livssynssamfunn meiner utvalet at òg andre trudoms- og livssynssamfunn bør få løyve til å bruke lokala i skulen på dagtid. Utvalet meiner elles at praktiske spørsmål i samband med å leggje opplæringa til skulen, må løysast lokalt, i samarbeid mellom kyrkja, heimen og kommunen.

Utvalet går imot at kyrkja si dåpsopplæring, og tilsvarende opplæring i regi av andre trudoms- og livssynssamfunn, skal vere ein integrert del av undervisninga i skulen, som tillegg til eller del av KRL-faget, og meiner at det heller ikkje på anna grunnlag vil vere aktuelt å bruke av undervisningstimane i skulen til dåpsopplæring. Dåpsopplæringa er kyrkja sitt ansvar og bør ikkje vere ein del av det ordinære undervisningsopplegget i skulen. Utvalet meiner elles at å styrkje dåpsopplæringa i Den norske kyrkja ikkje bør ha som konsekvens at time- og fagplanane for KRL-faget i skulen vert endra, til dømes i form av ei avkorting av den delen av undervisninga som handlar om kristendommen. Utvalet åtvarar mot at ei eventuelt endra og forsterka opplæring i regi av trudoms- og livssynssamfunna i seg sjølv skal føre til endra profil og innhald i KRL-faget. KRL-faget er eit fag i skulen, på linje med andre fag, og dei lærarane som underviser i faget, skal ikkje representere noko trudomsamfunn eller livssyn i samband med formidlinga av faget. Det er kyrkja som må ha det faglege og pedagogiske ansvaret for dåpsopplæringa, og dei som har ansvaret for opplæringa, har dette ansvaret som oppdrag frå kyrkja og må sjølv dele kyrkja si tru og ta del i kyrkja sitt liv.

Gjennom lokal avtale mellom kyrkje og skule kan i dag ein til to timar av undervisningstimane i skulen kvar veke i 9. klasse nyttast til konfirmasjonsopplæring. Det er kyrkja, ikkje skulen, som har ansvaret for opplæringa desse timane. Ordninga er regulert i kyrkjelova § 36. Utvalet meiner konfirmasjonsopplæring innanfor ramma av undervisningstida i skulen ikkje på fullgod måte kan kome i møte dei mål og pedagogiske intensjonar som kyrkja har med konfirmasjonstida, og at ordninga kan føre til eit press blant elevane til å følgje kyrkja si konfirmasjonsopplæring. Utvalet seier om dette (NOU 2000:26, side 72):

«Utvalget ønsker at den generelle adgang til å bruke skoletimer til konfirmasjonsopplæring bør avløses av en slik adgang kun der hvor det

er særlig tungtveiende grunner til det. Hvis en eventuelt skulle ha deler av konfirmasjonsundervisningen i skolens tid, mener utvalget det må være en forutsetning at også de elevene som ikke følger denne undervisningen får et tilbud de er tilfredse med.»

### *Økonomiske og andre konsekvensar*

Utvalet har rekna dei økonomiske konsekvensane av sine forslag til 550 mill. kroner. Utgiftsbehovet er rekna på grunnlag av omfanget av dåpsopplæringstilbodet (315 timar) og lønnsvilkåra i skulen. Utvalet har rekna med ei deltaking på 70 pst., dvs. at 70 pst. av årskulla tek del i opplæringstilbodet i heile opplæringstida. Det er ikkje rekna inn noka eigenbetaling frå heimen. Den største delen av utgiftsbehovet på 550 mill. kroner vil vere utgiftene til 1 300 nye årsverk, som utvalet meiner må opprettast i kyrkja. I tillegg kjem andre driftsutgifter, mellom anna til læremiddel, opplæring av dåpslærarar m.m. Utvalet legg til grunn at utgiftsbehovet på 550 mill. kroner i første rekkje må dekkjast over statsbudsjettet. Meirutgiftene for kommunane, mellom anna i samband med auka bruk av kyrkje- ne, er rekna til 45 mill. kroner. Som følgje av at andre trudoms- og livssynssamfunn har krav på den same økonomiske støtta frå det offentlege som Den norske kyrkja, rekna per medlem, vil ei økonomisk satsing på dåpsopplæringa i kyrkja ha som konsekvens ein auke i tilskottet til andre trudoms- og livssynssamfunn.

Utvalet meiner at utbygginga av eit utvida og systematisk dåpsopplæringstilbod i kyrkja i det omfanget som er foreslått, bør gå over ti år. Den første fasen bør vere på eitt til to år, med etablering av eit sentralt prosjektsekretariat og igangsetjing av nokre pilotprosjekt i bispedømma. Dei neste fasane vil vere etableringsfasen og konsolideringsfasen. I perioden skal den offentlege ressursinnsatsen aukast gradvis, i gjennomsnitt med ca. 55 mill. kroner kvart år, samtidig som det vert arbeidd med forsøks- og utviklingsprosjekt og med dei utfordringar som kyrkja står framfor, særleg med omsyn til rekruttering og utdanning av personell.

Utvalet foreslår fleire endringar i det kyrkjelege lovverket i samband med gjennomføringa av eit utvida dåpsopplæringstilbod i kyrkja. I tillegg til lovfesting av retten til opplæring, foreslår utvalet at det òg vert gjort lovendringar som mellom anna presiserer kven som i kyrkja skal ha ansvaret for å utvikle og leie dåpsopplæringa i kyrkjelydane og ha ansvaret for økonomi og personale. Dei fleste av desse lovforslaga har som føresetnad at dei økonomiske vilkåra for det utvida dåpsopplæringstilbodet er til

stades, og at det derfor ikkje er aktuelt å setje dei i verk før det økonomiske grunnlaget er på plass.

## **2.3 Høyringa**

Utgreiinga frå dåpsopplæringsutvalet vart send til offentleg høyring i desember 2000. Kyrkjerådet fekk i oppgåve å gjennomføre høyringa i kyrkja og blant organisasjonar og institusjonar innan Den norske kyrkja, og å leggje saka fram for Kyrkjemøtet 2001. Til andre instansar var det Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet som sende utgreiinga til høyring.

### **2.3.1 Høyringa i regi av Kyrkjerådet**

Kyrkjerådet sende høyringsbrev til 121 instansar. I tillegg til bispedømmeråda, biskopane og eit utval sokneråd og kyrkjelege fellesråd, var mellom anna Kirkens Arbeidsgiverorganisjon, kyrkjelege organisasjonar og fleire utdanningsinstitusjonar blant høyringsinstansane. Kyrkjerådet fekk svar frå 84 av høyringsinstansane. Svara vart oppsummerte i eit saksdokument frå Kyrkjerådet som låg til grunn for behandlinga av saka under Kyrkjemøtet 2001. I saksdokumentet frå Kyrkjerådet heiter det mellom anna:

«Nær sagt alle høyringsinstansene understreker behovet for en opprusting av dåpsopplæringen. De aller fleste mener at en lovfestet rett til dåpsopplæring, forutsatt at det tilføres tilstrekkelig ressurser, er en riktig vei å gå for å styrke dåpsopplæringen. Mange deler utvalgets argumentasjon om at den dramatiske nedbyggingen i kirkens dåpsopplæring er en konsekvens av manglende kompensasjon etter at dåpsopplæringen ble tatt ut av skolen. Noen hevder at utvalget i sterkere grad burde poengtert behovet for dåpsopplæring ut fra kirkens oppdrag i seg selv, i stedet for å fokusere ensidig på det man har tapt ved endringene i skolens kristendomsundervisning.

Utvalgets understreking av at en lovfestet dåpsopplæring skal gjelde alle dømte, uavhengig av bosted og personlige forutsetninger, får bred oppslutning. På ulik bakgrunn stiller noen likevel spørsmål ved hvorvidt kirken vil kunne lykkes i å nå alle. For mange av høyringsinstansene er det et viktig anliggende at dåpsopplæringen må tilrettelegges for barn og unge med ulike typer funksjonshemninger. Det blir også poengtert at utgiftene ved en tilrettelagt dåpsopplæring ikke er kostnadsberegnet grundig nok.

Utvalgets analyse av dåpsopplæringsunderskuddet og deres anbefalte modell for dåpsopp-

læringen med 315 timer som en minimumsstandard, får gjennomgående tilslutning. Noen mener imidlertid at det foreslåtte omfanget er et absolutt minimum, mens andre etterlyser en plan for prioritering av tiltak ved et lavere omfang og mener forslaget er for ambisiøst sett i forhold til ressurser og rekrutteringsmuligheter. Flere peker på at undervisningen uansett må holde høy kvalitetsstandard.

Den anbefalte modellen og de foreslåtte tiltak får bred oppslutning. Samtidig presiserer høringsinstansene at det må tilføres tilstrekkelige midler til å gjennomføre dette. Flere viser til viktigheten av en lokalt tilpasset undervisning. Et fåtall av høringsinstansene ønsker kun å satse på et utvalg av fasene, da de er skeptiske til realismen i prosjektet med hensyn til finansiering og rekruttering. (...)

Høringen gir bred støtte til utredningens anslag for økning i antall stillinger, og til opptrappingsplanen. En del peker på at 10 års opptrapping er et minimum. Noen uttalelser stiller seg spørrende til om kirken vil klare å rekruttere mange nok til disse stillingene, og noen gir innspill til nytenkning med hensyn til rekruttering. Det uttrykkes videre generelt støtte til at dåpsopplæringen skjer i et tverrfaglig samarbeid, av både ansatte og frivillige med bredde i kompetanse. Mange uttrykker ønske om at alle yrkesgruppene i kirken får styrket pedagogisk opplæring, enten som ledd i grunnutdanningen, eller som etterutdanning. De fleste mener også at det er viktig med en heving av lønnsnivået for kirkelige stillinger, ordnede arbeidsforhold, flere stillingskategorier og karrieremuligheter.

Spesielt mange fremhever at kateketene må styrkes som yrkesgruppe, både med hensyn til antall stillinger, status, lønn og karrieremuligheter. Mange understreker også viktigheten av kateketen som menighetens undervisningsleder og de mulighetene som ligger i ordningen med prostikateketer. De fleste er positive til utredningens forslag om dåpslærere, men da som et supplement til kateketene. Mange støtter også utvalget i at det er behov for å vurdere kirkelige stillinger med hensyn til kvalifikasjonskrav og realkompetanse. (...)

Det gis bred støtte til utredningen med hensyn til at kristendomsdelen i KRL-faget ikke må svekkes, og at kirkens dåpsopplæring som trosundervisning må være kvalitativt annerledes enn skolens fag. Noen påpeker at hvis kristendomsdelen av faget reduseres, må dåpsopplæringen styrkes ytterligere. Når det gjelder samarbeidet mellom kirke og skole, peker mange på nødvendigheten av gode relasjoner mellom de to instansene, og på de mulighetene som ligger i et fortsatt samarbeid. Flere instanser deler utvalgets forslag om at lovfestet rett

til trosopplæring må gjelde alle tros- og livssynssamfunn.

Når det gjelder spørsmålet om konfirmasjonsundervisning i skolens tid, gir de fleste, primært av pedagogiske grunner, støtte til utvalget med hensyn til en innstramming av kirkelovens § 36. Av praktiske grunner mener likevel de fleste at det fortsatt må være åpent for å legge konfirmasjonsundervisningen til skolens tid.»

Samisk kyrkjeråd meinte forslaga frå dåpsopplæringsutvalet ikkje var godt nok utforma og tilpassa dei utfordringane eit utvida dåpsopplæringstilbod ville få blant det samiske folket. Samisk kyrkjeråd utarbeidde derfor eit eige dokument til Kyrkjemøtet, der det mellom anna vart streka under at ei utvida dåpsopplæring på dei samiske språka (nord-, sør- og lulesamisk) ville stille store krav om utvikling av nye læremiddel på samiske språk og om rekruttering av samiskspråklege kateketar og dåpslærarar, og dessutan at dei økonomiske konsekvensane på området ville vere større enn det dåpsopplæringsutvalet hadde rekna dei til.

Vedtaket i denne saka frå Kyrkjemøtet 2001 har denne ordlyden:

«Gjennom oppdraget fra kirkens Herre er dåp og dåpsopplæring knyttet uløselig sammen: «...idet dere døper dem... og lærer dem å holde...»

Hvert år bæres 50 000 barn til dåpen i Den norske kirke. Dåpen oppleves som aktuell for enkeltmennesker og for samfunnet. Selv om samfunnet har endret seg raskt de siste tiårene, velger fortsatt de fleste foreldre å bære sine barn til dåpen. Et voksende antall barn og unge som ikke ble døpt som spedbarn, melder seg også til dåp.

Denne gledelige store oppslutning om dåpen innebærer betydelige utfordringer for kirkens dåpsopplæring. Dette er utfordringen som kirken i dag bare i høyst utilstrekkelig grad er i stand til å møte. Kirkemøtet vil understreke at spørsmålet om kirkens dåpsopplæring er et spørsmål om folkekirkens framtid i vårt land. Vi sier med det regjeringsoppnevnte utvalget: Bare den kirke som overleverer, vil overleve.

Målsettingen med dåpsopplæringen er å gi barn og unge livshjelp og støtte til å tolke og mestre tilværelsen i lys av kristen tro. Dåpsopplæringen er derfor ikke bare en folkekirkesak, men også en folkesak. Kirkens dåpsopplæring blir dermed et viktig anliggende også i relasjon til barn og unges oppvekst i lokalmiljøet.

Dåpsopplæring er hele menighetens oppgave. Menighetene er kalt til å være et lærende fellesskap der alle lærer av hverandre. Den

mer spesialiserte dåpsopplæring må skje innen en slik ramme. Dette stiller store krav til prioritering og organisering i menighetene.

Kirkemøtet anbefaler på denne bakgrunn en lovfestet rett til dåpsopplæring i tråd med utvalgets anbefalinger. Minstestandard for lovfestet rett til dåpsopplæring innføres ifølge utvalget som juridisk gjeldende ved full utbygging. Kirkemøtet støtter dette og slutter seg i hovedsak til de beregningene som utvalget har foretatt, og den organiseringen av dåpsopplæringen som utvalget anbefaler. Det forutsettes at kirken gjennom en opptrapping i løpet av tre utviklingsfaser over 10 år tilføres de tilstrekkelige midler fra sentralt hold for å innfri en slik rett.

Kirkemøtet forutsetter at en lovfestet rett til dåpsopplæring vil innebære at alle døpte skal ha lik rett til dåpsopplæring, uavhengig av bakgrunn, personlige forutsetninger, funksjonsdyktighet, kulturell og etnisk tilhørighet og bosted.

Kirkemøtet forutsetter at det i tråd med det tilleggsdokumentet som er utarbeidet av Samisk kirkeråd bevilges tilstrekkelige midler til å realisere en lovfestet rett til dåpsopplæring for samiske barn og unge.

Kirkemøtet gir i hovedsak sin tilslutning til de endringer som er foreslått i lovverket. Kirkemøtet forventer å få seg forelagt departementets lovendringsforslag.

Kirkemøtet støtter utvalgets grunnsyn om at andre tros- og livssynssamfunn må få de samme ytre rammer for tros- og livssynsundervisningen av barn og unge som Den norske kirke.»

### 2.3.2 Høringa i regi av departementet

Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet sende utgreiinga til høring til 27 instansar. Blant høyringsinstansane var felleskyrkjelege organisasjonar (Norges Frikirkeråd, Norges Kristne Råd og Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn) og tenestemannsorganisasjonar innan kyrkja og skulen. Kommunenes Sentralforbund og statens utdanningskontor i alle fylke vart òg oppmoda om å uttale seg.

Med unntak av dei kyrkjelege tenestemannsorganisasjonane var det få av høyringsinstansane som hadde kommentarar til dei konkrete forslaga frå dåpsopplæringsutvalet som gjaldt omfanget, organiseringa og innretninga av eit utvida dåpsopplæringstilbod. Synspunkta frå dei kyrkjelege tenestemannsorganisasjonane var langt på veg i samsvar med det som kom fram under høringa i regi av Kyrkjerådet.

Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn, Norges Frikirkeråd og Norges Kristne Råd understrekar på generelt grunnlag det positive i at staten støttar økonomisk opp under opplæring som går føre seg i dei einskilde trudoms- og livssynssamfunna, men påpeiker at det må vere det einskilte samfunnet som får ansvaret for å forme ut tilbodet. Det vart i denne samanhengen særleg peikt på den verdien det har at barn og unge har forankring i eigen religion og eige livssyn i eit samfunn som vert meir og meir pluralistisk.

Somme av høyringsinstansane stilte spørsmål ved forslaget om å lovfeste individuell rett til dåpsopplæring, og ved kva konsekvensar ein slik rett ville få. Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn understrekar at opplæring eller undervisning i regi av trudoms- og livssynssamfunna må vere frivillig for deltakarane, og at det ville vere i strid med foreldreretten dersom det skulle vere krav om pliktig deltaking. Norges Frikirkeråd og Norges Kristne Råd hadde liknande synspunkt. Lærarforbundet peiker på at innføring av eit dåpsopplæringstilbod på det grunnlaget og i det omfanget dåpsopplæringsutvalet gjekk inn for, ville gjere det nødvendig å avklåre om kyrkja i framtida skal stille andre og meir forpliktande krav enn i dag til dei foreldra som ønskjer å døype barna sine.

Høringa viste brei semje om dei vurderingane dåpsopplæringsutvalet la fram om det skiljet som bør vere mellom dåpsopplæringstilbodet i regi av kyrkja og den undervisninga som skulen har ansvaret for. Norsk lærarlag understrekar at dåpsopplæringa må vere eit kyrkjeleg ansvar, og at det må vere eit klårt skilje mellom kyrkja og skulen sine roller i opplæringa. Lærarlaget peiker på at opplæringa i regi av trudoms- og livssynssamfunna kan få konsekvensar for innhaldet i læreplanen og anna regelverk for KRL-faget. Lærarforbundet seier mellom anna:

«Samla sett er tilrådnaden frå utvalet klargjerande når det gjeld grensesetjinga mellom ansvars- og arbeidsområdet til skulen og kyrkja. Det er særst positivt at utvalet har tatt konsekvensane av at det skal vere eit tydeleg skilje mellom skulen og kyrkja si rolle i opplæring og oppseding. Lærarforbundet meiner at KRL-faget i skulen må sjåast uavhengig av dåpsopplæringa. Trusopplæringa i regi av trudomssamfunna sjølv må ikkje få konsekvensar for læreplanen og anna regelverk i Kristendoms-kunnskap med religions- og livssynsorientering.»

Norges Frikirkeråd og Norges Kristne Råd peiker på at KRL-faget i skulen har som føresetnad ein identitetsbygging i høve til den einskilde eleven sitt livssyns- eller trudomsgrunnlag som KRL-faget

ikkje kan gi, men peiker på at KRL-faget er eit sentralt fag for undervisning og haldningsskapande arbeid på området, og uttaler mellom anna:

«Vi ønsker ikke en situasjon der verdioverleveringen overlates til det enkelte tros- og livssynssamfunn. Dersom vi skal opprettholde Norge som et samfunn med et minste felles innhold av normer og verdier, er det viktig å skape rom for denne verdiformidlingen i skolen og i samlet klasse. Det vi ønsker å ivareta gjennom en organisert tro/livssynsundervisning, er både den individuelle tros- og livssynsidentitet hos barna og den kollektive identiteten knyttet til tilhørighet til tros- eller livssynssamfunnet. Denne er en forutsetning for den dialog og den kollektive verdiformidlingen som mest mulig må skje samlet i skolen.»

Høyringa viste stor semje om at dåpsopplæringa normalt bør gå føre seg i kyrkja sine egne lokale. Norges Kristne Råd og Norges Frikirkeråd seier om dette:

«Det vil være viktig å sikre at en innføring av dåpsopplæring for Den norske kirkes medlemmer ikke fører til en ny oppsplitting og forskjellsskole for barna. Vi slutter oss til utredningens konklusjoner om at undervisningen så vidt mulig foregår i tros- og livssynssamfunnes egne lokaler.»

Norsk lærarlag er positivt til at skulen er ein samarbeidspart for kyrkja ved at skulen i aktuelle tilfelle stiller lokale til rådvelde og elles legg til rette for ei organisering som kan lette gjennomføringa av dåpsopplæringa.

Høyringa viste brei støtte til prinsippet om at opplæring i regi av Den norske kyrkja og andre trudoms- og livssynssamfunn bør organiserast og gjennomførast utanom skulen sine undervisningstimar. Det kom ikkje fram innvendingar mot at dåpsopplæringa av praktiske grunnar må kunne gå føre seg på dagtid i tilknytning til skuletida. Lærar-

forbundet presiserer i denne samanhengen at kyrkjeskule på dagtid for barn på småskuletrinnet – lokalisert til skulen, men utanom undervisningstidane i skulen – krev samarbeid mellom kyrkje og skule for å sikre gode pedagogiske opplegg for både skulen og dåpsopplæringa. Norges Kristne Råd og Norges Frikirkeråd understrekar at dersom trudoms- og livssynssamfunna si undervisning av ulike grunnar skulle verte lokalisert til skulen på dagtid, burde dette gjerast ved at ho vart lagd i ytterkantane av skuledagen.

Foreldreutvalet for grunnskulen seier seg samd i forslaget frå dåpsopplæringsutvalet om innskrenkingar i kyrkelova § 36 om konfirmasjonsopplæring som del av undervisningstida i skulen, og peiker på at ei framtidig utviding av dåpsopplæringa i kyrkja vil vere lettare å kome i møte dersom ho kjem utanom den ordinære undervisningstida i skulen. Lærarforbundet er av same mening. Den norske kirkes presteforening uttaler om dette:

«Med tanke på store geografiske problemer som mange steder er knyttet til en felles konfirmantundervisning, er Presteforeningen skeptisk til at utvalget ønsker å fjerne konfirmantforberedelsen helt fra skolens tid og rom. Av pedagogiske/kateketiske grunner mener vi imidlertid at denne nok bør begrenses mest mulig.»

Høyringsinstansar med tilknytning til skuleverket understreka elles at økonomisk styrking av dåpsopplæringa i kyrkja ikkje måtte føre til reduserte ressursar til den obligatoriske grunnskulen og til den vidaregåande opplæringa for alle. Kommunenes Sentralforbund peikte på dei økonomiske konsekvensane det vil ha for kommunane dersom forslaget om lovfesta rett til dåpsopplæring vert realisert, og gjekk ut frå at departementet kom tilbake til dei spørsmåla som i denne samanhengen ville melde seg.



## 3 Visjonen og målet

### 3.1 Dåp og dåpsopplæring

Etter kyrkja si lære er dåpen ei heilag handling, eit sakrament, ei nådegåve frå Gud som vert gitt utan vilkår. På same måten som nyfødde må lære livet å kjenne, må dei døypte lære å kjenne den trua dei er døypte til. Slik høyrer dåpsopplæringa saman med dåpen. Dåpsopplæringa handlar om å utvikle reflektert tru og tillit til det dåpen er ei forteljing om. Opplæringa skal setje lys på dei sentrale dimensjonane ved menneskelivet. Ho skal knyte lærdom, kunnskap og kritisk refleksjon saman med oppleving og deltaking. Dei døypte skal få stimulert si evne til å forstå tilværet i lys av gåva dei fekk i dåpen, og dermed deira evne til å tolke, meistre og leve sitt liv. Dåpsopplæringa skal gi dei unge livshåp, utvikle deira evne til å møte gode og vonde dagar og til å tru på framtida og egne ressursar. Opplæringa skal byggje ein trygg identitet hos den døypte, stimulere til refleksjon over egne haldningar og utvikle toleranse og respekt i møte med dei som har ei anna tru eller eit anna livssyn.

Det einaste vilkåret for dåp vi har i vår kyrkje, er at dei som kjem med barnet, vil at det skal døypast. Gjennom det ritualet som dåpshandlinga er omgitt av<sup>1</sup>, vert heim og kyrkje minte om det felles ansvaret dei har for opplæringa av barnet, for at barnet gjennom oppveksten får innsikt i kva dåpen er, og lærer å leve i pakt med denne forståinga.

Dei som vert døypte, er medlemmer av kyrkja og av kyrkjelyden der dei bur. Innsikt i kva dåpen er, i innhaldet og grunnlaget for den kristne trua og den kristne tenesta, har best vekstvilkår gjennom deltaking i kyrkje- og gudstenestelivet og i den opplæringa som kyrkjelyden gir tilbod om. Det er likevel heimen, der barnet veks opp, som står barnet nærast. Kvar gong foreldre eller føresette kjem for å få eit barn døypt, vert det knytt band til kyrkja.

Dette styrkjer bandet til den kristne kulturen og til ein felles kristen identitet. Opplæringa i kva denne kulturen og identiteten står for, går føre seg i vid samanheng. Handlinga, å bere barnet fram til dåp, er ei handling som i seg sjølv har læringsaspekt i seg. Ho er ei erfaring som er ein del av den lærdommen som heimen er berar av. Foreldra/dei føresette sine verdiar og tradisjonar er vovne inn i det læringsmiljøet heimen er. Kvar gong foreldre eller føresette seinare peiker ut kyrkja der barnet vart døypt eller svarer på spørsmål om menneskelivet, går det føre seg ei opplæring. I samtalar og deling av tankar om dei store spørsmåla i tilværet, om jorda og himmelen og meininga med livet, skjer ei formidling av kunnskap, verdiar og haldningar – med eller utan ord, meir eller mindre medvite. Kvar heim har sine meiningar, tankar og språk som formidlar dette. Den direkte og konkrete tilknyttinga til kyrkjelyden, gjennom deltaking i ulike aktivitetar, er ofte ei avspegling av den nærleiken eller distansen heimen har til kyrkja og den kristne trua. Somme kjenner tilknytting til kyrkja og kyrkjelyden der dei bur, andre ikkje. Somme meiner kyrkja og livet i kyrkjelyden står for verdiar og eit miljø dei ønskjer barna skal ha del i. Andre er kritiske, meir avvisande, har distanse og saknar gjenkjenning av egne meiningar og tankar. Likevel kjem dei med barnet til dåp. Dei verdiane og haldningane som pregar den einskilde heimen, skal kyrkja kome i møte, respektere og arbeide i høve til.

Når foreldre eller føresette melder barnet til dåp, vert dei tekne imot med ein samtale om dåpsritualet og kyrkja si tru om dåpen. Dåpssamtalen handlar om kva barnet kan vente seg av kyrkja, og det ansvaret foreldra/dei føresette og fadrane får. Samtalen er viktig for både heimen og kyrkja. Foreldra blir kjende med presten som skal utføre dåpshandlinga. Presten får kontakt med den einskilde heimen. Foreldra får innsyn i kyrkja si tru om dåpen, og presten i kva forventningar, haldningar og motiv foreldra har i samband med dåpen. Dåpssamtalen er eit viktig kontaktpunkt mellom heimen og kyrkja. Dåpssamtalen har vore i utvikling, og det vert lagt stor vekt på han i kyrkje-lydane i dag.

<sup>1</sup> Ved døypefonten får dei som kjem med barnet, spørsmål om dei vil oppdra barnet etter den kristne trua barnet vert døypt til, noko dei i samband med dåpshandlinga er venta å svare på til. Ritualet for dåpshandlinga er regulert i Gudstenesteboka for Den norske kyrkja, der det òg går fram at kyrkja og heimen har eit felles ansvar for opplæringa.

Kyrkja er den fremste beraren av den kristne trua, av dei kristne verdiane og tradisjonane som har prega vårt land i meir enn tusen år. For mange er det viktig å knyte merkedagane i livet til kyrkja, fordi ho representerer kontinuitet, fellesskap og forankring. Jesu eksempel om å ta i mot menneska slik dei er, og å respektere den absolutte verdien i kvart einskilt menneske, var frigjerande og utfordrande i Jesu samtid. Slik er det òg i dag, idet den kristne budskapet kjem til uttrykk i medkjensle og solidaritet med dei svake, dei som lir nød, dei som er undertrykte, underprivilegerte og ulykkelege. Kyrkja skal gi menneska livshåp og hjelp til å orientere seg i livet og i verda, skape grunnlag og grobotn for nestekjærleik og tru på menneskeverdet i oss alle. Dåpsopplæringa i kyrkja er ein del av dette, og byggjer på at eit møte med den kristne trua og dei kristne tradisjonane på mange måtar vil vere avgjerande for at barn og unge får innsyn i det dåpen er ei forteljing om. Kyrkja har slik del i ansvaret for at barn og unge får livskompetanse og realisme i møte med framtida. Kyrkja skal vere ein plass der kvar og ein får hjelp til å samle trådane og søkje heilskap og samanheng i tilværet.

I dei siste tiåra har det religiøse og kulturelle mangfaldet i samfunnet vårt vore i utvikling og endring. Utviklinga har sett sitt preg på samfunns- og kulturlivet, på skulen, arbeidslivet og dei sosiale institusjonane. Andre religionar er eit sterkare innslag enn før. Det har samtidig gått føre seg ei utvikling i relasjonane mellom generasjonane og mellom kvinne og mann. Demokratiet og dei sosio-kulturelle kjenneteikna har vore i endring som følgje av den økonomiske veksten, utviklinga av kunnskapssamfunnet, internasjonaliseringa og medieutviklinga. Eit trekk ved utviklinga er at den autoriteten som Den norske kyrkja har hatt i vårt samfunn, på same måten er i endring.

Spørsmål omkring tru og livssyn, om identitet og tilknytning, er nødvendige og grunnleggjande i eit samfunn der det religiøse og kulturelle mangfaldet er aukande. I møte med andre tradisjonar er det ei allmenn erfaring at det har stor verdi å vere trygg på eigen identitet, på den kulturen og dei tradisjonane ein sjølv høyrer til. Det er med utgangspunkt i eigen ståstad vi kan ha eit ope møte og vere i dialog med andre. Kunnskap og erkjening av eigen identitet opnar og er grunnlaget for dialogen, både om skilnadene og om det som er felles. Forankringa i eigen tradisjon og identitet er slik eit viktig vilkår for å forstå andre kulturar og å møte andre tradisjonar med respekt og toleranse.

Den norske kyrkja skal vere ei open folkekyrkje. Den som vert døypt, er medlem av kyrkja. Andre vilkår for medlemskapen er det ikkje. Dåps-

opplæringa i kyrkja byggjer på denne opne og vilkårslause medlemskapen, men den samfunnsmessige og folkekyrkjelege situasjonen som dåpsopplæringa høyrer heime i, er ein annan no enn han var før. Å reformere dåpsopplæringa i kyrkja er òg eit spørsmål om å føre vidare – til nye generasjonar – dei tradisjonane som har vore med på å prege og stadfeste Den norske kyrkja som folkekyrkje.

## 3.2 Historisk perspektiv på dåpsopplæringa

### *Grunnlaget for dåpsopplæringa*

Misjonsbefalinga i Matteus 28, v. 18–20, er Jesu eiga befaling til disiplane. Derfor er dåp og dåpsopplæring knytte saman i alle kristne trudomssamfunn, med opplæring før eller etter dåpen. I urkyrkja gjekk opplæringa føre seg i tida før dåpshandlinga, fordi dei fleste som vart døypte, var vaksne. Etter kvart som barnedåp vart det vanlege, kom opplæringa etter dåpshandlinga, og konfirmasjonen vart den avsluttande stadfestinga av dåpen.

Ved reformasjonen hadde konfirmasjonen fått status som sakrament. Luther meinte dette svekte det fundamentale ved dåpen. Han erstatta derfor konfirmasjonen med ei prøving av kunnskapen til dei døypte, og skreiv i denne samanhengen Luthers litle katekisme i 1529. Katekismeundervisninga vart dermed folkeopplæring. Etter kyrkjeordnansen frå 1539 skulle presten i gudstenesta i tillegg til preika halde ei halvtimes innføring i barnelærdommen. Her vart katekisma brukt.

### *Institusjonalisering av dåpsopplæringa*

Konfirmasjonen vart gjeninnført i Noreg ved forordning 13. januar 1736. Ordna opplæring for alle døypte vart rett og plikt for dei som fekk og for dei som gav opplæring, og konfirmasjonen vart eit vilkår for fulle borgarlege rettar. Som ein konsekvens av at konfirmasjonsopplæringa stilte krav om at barna kunne lese, vart det i 1739 gitt ei forordning om allmugeskulen. Å setje den einskilde i stand til sjølv å få innsyn i det som stod skrive, var eit nytt pedagogisk prinsipp. Leseboka i allmugeskulen var Pontoppidans katekismeforklaring. Avgangseksamen frå denne kyrkjeskulen var konfirmasjonsoverhøyring. Det var folkeskulelovene for by og for land frå 1889 som markerte overgangen frå kyrkjeleg allmugeskule til borgarleg folkeskule. Her kjem allmennfaga tydelegare fram, men sjølv om kristendomsfaget på 1900-talet vart redusert med ein tredel til to timar i veka, stod denne undervisninga for den opplæringa til kristen tru og

liv som barnet fekk etter dåpen. På grunnlag av denne undervisninga fekk barnet deretter konfirmasjonsopplæring i regi av kyrkja. Konfirmasjonstvingen vart oppheva ved konfirmasjonslova av 1911.

I dei første tiåra av 1900-talet var målet for undervisninga i kristendommen i skulen å formidle kristen kunnskap til tru og oppseding. I normalplanane, som kom i 1939, vart motivet om opplæring i tru kombinert med eit nytt motiv: respekt for den einskilde heimen. Det religionspedagogiske målet var ikkje kristen oppseding åleine, men òg omsynet til heimen og den gryande livssynspluralismen. Under krigen 1940–45 vart skulekamp og kyrkjekamp ført med samvitsfridom og forelderrett som grunnlag.

#### *Frå dåpsopplæring til ordinært skolefag*

Da grunnskulelova av 1969 vart vedteken, vart det fastslått at kristendomsundervisninga i grunnskulen ikkje lenger var å rekne som kyrkja si dåpsopplæring. Faget vart no grunnlagt med det konfesjonelle fleirtalet i folket. Med Mønsterplanen av 1974 vart den konfesjonelle profilen i faget svekt til fordel for ein felleskristeleg profil, og det vart opna for alternativ livssynsundervisning for elevar som ikkje var medlemmer i kyrkja. Mønsterplanen av 1987 slår fast at registrerte trudomssamfunn kan gi undervisning i eigen regi og etter egne planar. Slike tilbod kvalifiserte til offentleg støtte etter § 20 i trudomssamfunnslova av 1969.

I ei vurdering i ettertid av dei endringane i skulen som kom på dette feltet i 1969 og seinare år, må det på den eine sida kunne seiast at det frå kyrkjeleg hald vart lagt for stor vekt på prinsippet om kristendomsundervisning som skulefag og ikkje som dåpsopplæring. Eit stykke på veg er dette eit terminologisk spørsmål. På den andre sida vart den endringa i fagprofilen som grunnskulelova av 1969 og seinare læreplanar førte med seg, ikkje tydeleg og kjend blant folk. For det første gav det nye livssynsfaget og retten til fullt fritak indirekte inntrykk av at undervisninga i skulen framleis var dåpsopplæring. For det andre førte dei nye pedagogiske prinsippa om lokalt læreplanarbeid i praktisk, sosialt og kulturelt arbeid til at kyrkja, i eigenskap av lokal samarbeidspart for skulen, mange stader fekk utvida kontakt med skulen. Med KRL-faget, som kom i 1997, er derimot avstanden mellom kunnskapsformidling og dåpsopplæring markert, og livssynspluralismen i skulen er eit faktum. Verknaden av endringane i skulen dei siste tiåra har vore ei kvalitativ og kvantitativ nedbygging av kristendomsopplæringa for barn og unge.

### **3.3 Dåpsopplæringa og opplæringstilbodet i dag**

#### **3.3.1 Riss av den heimlege situasjonen**

Som det går fram av pkt. 3.2, var kristendomsundervisninga i den offentlege skulen lenge den sentrale delen av kyrkja si dåpsopplæring. I skulen går no undervisninga om kristendommen føre seg innanfor ramma av faget Kristendoms-, religions- og livssynskunnskap. Undervisninga om kristendommen er her ein del av undervisninga om religionar og livssyn reint generelt. KRL-faget skal gi kunnskap om trudomsgrunnlaget eller livssynet til dei einskilde elevane, på ein felles læringsarena, for slik å kunne byggje forståing og respekt mellom dei. Ei viktig side ved KRL-faget er at det kjem i møte og formidlar dei ulike livssyna, trusretningane og religionane som elevane kvar for seg har tilknytning til. Sidan faget gir viktig kunnskap om kristendommen, andre livssyn og religionar, er KRL-faget ikkje kyrkja si dåpsopplæring utedkomande, men faget er ikkje dåpsopplæring.

I 1970 var ca. 95 pst. medlemmer av Den norske kyrkja, målt etter innbyggjartalet. Den same prosentdelen av årskulla vart døypt i Den norske kyrkja. I dag er medlemsprosenten 86 og dåpsprosenten 81. Ein dåpsprosent på 81 vil sei at om lag 46 000 barn vert døypte kvart år. Den geografiske fordelinga av desse tala viser store variasjonar. Medan dåpsprosenten i Oslo bispedømme i 2001 var noko under 50 pst., var han nær 100 pst. i Møre bispedømme. Av dei som ikkje er medlemmer av kyrkja, er dei fleste busette i Oslo-området og i dei store byane. Om lag ein tredel av medlemene i trudoms- og livssynssamfunna utanom Den norske kyrkja er busette i Oslo og Akershus.

Konfirmasjonsopplæringa i Den norske kyrkja har lange tradisjonar og er i alle kyrkjelydane eit velorganisert tilbod med brei deltaking. Nær 70 pst. av årskulla, og nær 90 pst. av dei som er døypte, melder seg i dag til konfirmasjonsopplæringa. I 2001 var det 37 400 unge som vart konfirmerte. Talet på dei som ikkje er døypte frå før, men som følgjer konfirmasjonsopplæringa og vert døypte i samband med konfirmasjonshandlinga, er stigande. 2,4 pst. av dei som vart døypte i 2001, var 12 år eller eldre.

Sjølv om dåps- og konfirmasjonsprosenten har endra seg noko over tid, er det likevel relativt stor stabilitet og kontinuitet som karakteriserer situasjonen. Endringane har vore større når det gjeld deltakinga i barne- og ungdomsarbeidet i kyrkja. I mange kyrkjelydar har det vore nedgang i deltakinga på dette området, saman med nedgang i

rekrutteringa av frivillige leiarar. Ein aukande del av barn og unge har dermed lita eller inga tilknytning til kyrkjelivet utanom konfirmasjonstida. Verknadene av dette er mange. Tilbodet og aktivitetane kan ikkje haldast oppe, rekrutteringa til dei ulike tenestene i kyrkja går ned, og omfanget av det kyrkjelege tenestetilbodet i framtida vert utfordra. Sjølv om barne- og ungdomsarbeidet i mange kyrkjelydar framleis har god deltaking, er framtidsretta og prega av entusiasme, viser utviklinga at det over tid har vore generell nedgang.

På same måten som i kyrkjelydane har òg det frivillige organisasjonslivet i kyrkja endra seg dei siste 20–30 åra, med verknad for den barne- og ungdomskulturen som desse organisasjonane tradisjonelt har representert. Sett under eitt har det mangfaldet av organiserte aktivitetar som barn og unge her tok del i for nokre tiår sidan, hatt sterk tilbakegang. Sjølv om nye tiltak er komne i staden, har det vore reduksjonar i breidda i tiltaka og i den samla deltakinga. Den årlege juletreffesten, søndagsskulen, speidarrørsla, barnelaga, Ten-singrørsla – alt dette pregar i stadig mindre grad kultur- og kyrkjelivet i våre lokalsamfunn.

Skiftet i den nære tilknytninga dåpsopplæringa hadde til skulen, saman med nedgangen i det kyrkjelege arbeidet blant barn og unge dei siste tiåra, har endra den folkekyrkjelege situasjonen og grunnlaget for dåpsopplæringa. Kyrkja og kyrkjelydane står her framfor utfordringar og vilkår som var ukjende eller lite påakta for nokre tiår sidan. Medan barne- og ungdomsarbeidet i kyrkja og i dei frivillige kyrkjelege organisasjonane tidlegare medverka til å tolke og levandegjere den kristne trua for mange barn og unge gjennom felles opplevingar i nærmiljøet, har denne viktige delen av dåpsopplæringa over tid vorte svekt. Dette er ein del av bakgrunnen for at det på sentralt hald i kyrkja og i dei einskilte kyrkjelydane lenge har vore arbeidd med planar for å få i stand og styrkje ei meir systematisk dåpsopplæring, som går over lengre tid enn konfirmasjonsopplæringa. Ein plan for konfirmasjonstida vart vedteken i 1978 av fellesmøtet for bispedømeråda, og seinare revidert av Kyrkjemøtet i 1997. Denne planen er innarbeidd og har lenge vore praktisert som retningsgivande for konfirmasjonsopplæringa i alle kyrkjelydane i landet. I 1991 gjorde Kyrkjemøtet vedtak om ein felles rammeplan for dåpsopplæringa, med invitasjon til alle kyrkjelydane om å gå gjennom det arbeidet dei hadde på feltet og gjere vedtak om lokale opplæringsplanar. I dei fleste kyrkjelydane i landet er det i dag utarbeidd slike planar. Tiltak og planar innan dåpsopplæringa har det dermed vore arbeidd systematisk med i dei fleste kyrkjelydane det siste tiåret, med viktige til-

tak som dåpssamtalen, utdeling av ei kyrkjebok for fireåringane, dåpsskule for seksåringane og utdeling av Bibelen eller Nytestamentet det året barna fyller elleve år, saman med meir regelmessige aktivitetstilbod som barnegrupper, songkor, leiarar og ungdomsklubbar. Mange tiltak er slik sette i verk, men det har ikkje vore ressursar til å realisere planen frå 1991, sjølv om det er variasjonar mellom kyrkjelydane i kor langt dei er komne.

I mange kyrkjelydar er det i tillegg til prestane tilsett kateketar og barne- og ungdomsarbeidarar, som saman med frivillige i kyrkjelyden, med organistar, diakonar og andre tilsette er med på å forme ut tilbod for barn og unge. Det arbeidet og dei aktivitetane som slik går føre seg blant unge familiar, barn og unge, er ein del av dåpsopplæringa. Familiegudstenester, søndagsskule, barnespel, barneklubbar, samtalegrupper og konfirmasjonsopplæring er tiltak som medverkar til å oppfylle det ansvaret og den oppgåva kyrkja og heimen har på området. Ofte går arbeidet føre seg i samarbeid med dei organisasjonane i kyrkja som på frivillig grunnlag arbeider blant barn og unge, men innslaget i kyrkjelydane av arbeid i regi av dei frivillige kristelege organisasjonane varierer mellom ulike delar av landet. I mange kyrkjelydar er det òg nær kontakt og samarbeid mellom kyrkjelyden, skulen og barnehagane i utforminga av tiltak og opplegg, ikkje minst i samheng med julehøgtida og påsken. Utforminga, omfanget og deltakinga varierer mellom kyrkjelydane. På kyrkjeleg hald er det rekna med at om lag 10 pst. av dei døypte i tida fram til dei er 18 år, regelmessig og over tid har vore med i dei faste aktivitetane som kyrkjelydane har, medan om lag 15 pst. har vore deltakarar i einskilte eller tidsavgrensa tiltak. Desse prosenttala var høgare for 30 år sidan.

### 3.3.2 Situasjonen i andre land og kyrkjesamfunn

I dei fleste landa det er naturleg å samanlikne Noreg med, går dåpsopplæringa i dei ulike kyrkjesamfunna føre seg etter to hovudmodellar. I ein del land og kyrkjesamfunn er opplæringa heilt og fullt eit ansvar som ligg til det einskilte kyrkjesamfunnet. I andre land og kyrkjesamfunn er opplæringa organisert i samarbeid med den offentlege skulen. Innanfor desse to hovudmodellane finst det fleire ulike måtar å organisere ansvarsdelinga mellom kyrkjesamfunna og skulen på, utanom eller som ein del av undervisningstida på skulen.

I folkekyrkjene i dei nordiske landa var det lenge tradisjon for at dåpsopplæringa var ein del av kristendomsundervisninga i den offentlege skulen.

Fram mot vår tid har undervisninga i skulen i alle landa endra seg i retning av å vere ei undervisning som skal gi kunnskap og orientering om kristendommen og andre religionar, og om dei ulike trdoms- og livssynssamfunna. Denne utviklinga har resultert i at kyrkjene meir og meir har teke ansvar for å utvikle egne opplæringstilbod.

Folkekyrkja i Danmark legg stor vekt på at dåpsopplæringa først og fremst går føre seg i heimen. Det er likevel opplæringstilbod i kyrkjelydane, ikkje minst i samband med konfirmasjonstida og i tida før denne, med juniorkonfirmasjon frå barna er rundt ti år gamle. Konfirmasjonsopplæringa kjem i Danmark i staden for religionsundervisninga i skulen, og er da helst ein del av undervisningstida i skulen. Barne- og familiegudstenester, kor og barne- og ungdomsklubbar er òg ein viktig del av dåpsopplæringstilbodet i den danske folkekyrkja. I 1992 vart Folkekirkens Pædagogiske Institut oppretta. Instituttet fekk i oppgåve å utvikle undervisningsmaterieil og kurs for å styrkje dåpsopplæringa.

I Svenska kyrkan finst liknande former for opplæringstilbod og arbeid blant barn og unge som i dei andre nordiske kyrkjene. Svenska kyrkan har ingen felles, sentralt fastsett plan for opplæringa. Kyrkjelydane skal utforme slike planar sjølv, på grunnlag av sentrale retningslinjer. Konfirmasjonsopplæringa er eit ansvar for heile kyrkjelyden, som mellom anna arbeider målretta med å halde kontakt med dei unge etter konfirmasjonstida.

Den evangelisk-lutherske kyrkja i Finland legg òg stor vekt på den rolla heimen skal ha i opplæringa. Det er utarbeidd ein dåpsopplæringsplan, som vert delt ut til alle, og kyrkjelyden held nær kontakt med barnet og heimen i tida etter dåpen, mellom anna gjennom dåpssamtalar, helsingar, heimebesøk og ved ulike arrangement for foreldre og fadrar. I tillegg er det gudstenester, søndagsskular, leirar, barne- og ungdomsklubbar og andre aktivitetar. I tillegg til frivillige medarbeidarar har den finske kyrkja relativt mange fast tilsette i barne- og ungdomsarbeidet, med om lag 1 800 i barnearbeidet og meir enn 1 000 i ungdomsarbeidet. Den finske kyrkja er her i ein annan situasjon enn folkekyrkjene i dei andre nordiske landa.

I somme europeiske land går store delar av dåpsopplæringa i dei store kristne kyrkjene føre seg i nært samarbeid mellom kyrkjefamfunnet og den offentlege skulen. I Tyskland er det i dei fleste delstatane oppretta samarbeidsavtalar mellom kyrkjene og skulen. Etter desse avtalane er kristendomsundervisninga i skulen ein del av det ordinære skuletilbodet, men ho er definert som kyrkje-

leg opplæring. Barna kan velje mellom opplæring i regi av den evangeliske kyrkja, den katolske kyrkja og – somme stader – andre trdomssamfunn. Dei som ikkje ønskjer slik undervisning, får undervisning i etikk og filosofi i staden. Skulen og vedkomande kyrkjefamfunn må begge godkjenne lærarane og det undervisningsmateriellet som vert nytta i undervisninga. Skulen lønner lærarane. Til skilnad frå Tyskland er det i Frankrike eit skarpt skilje mellom dei rollene skulen og kyrkja har i opplæringa. Dåps- eller trusopplæringa kan her ikkje gå føre seg på skulen, og det er inga religionsundervisning der. Kyrkjefamfunna i Frankrike har derfor lange tradisjonar for å ha egne opplæringstilbod.

I Den evangelisk-lutherske frikyrkja i Noreg har foreldre og kyrkjelyd kvar for seg og i felleskap ansvaret for å gi den døypte opplæring. Kyrkjelydane skal mellom anna halde kristendoms-skule for barn mellom 11 og 14 år, og konfirmasjonsopplæring for dei som er 14–15 år. I tillegg har kyrkjelydane kontakt med foreldre og barn gjennom besøk i heimane, og dei vert inviterte til særskilde gudstenester og samlingar. I Metodistkyrkja er kyrkjelyden fadder ved dåp og tek dermed på seg eit særskilt opplæringsansvar. I Baptistsamfunnet og i Pinsørøsla er det eit aktivt barne- og ungdomsarbeid, med opplæringstilbod gjennom barne- og ungdomsklubbar, søndagsskule og andre samlingar.

Dåpsopplæringa i Den katolske kyrkja vert kalla katekesen. Katekesen er eit oppdrag for heile kyrkja og kyrkjelyden og skal setje sitt preg på alle delar av arbeidet i kyrkja, sjølv om heimen her òg er rekna som den første og viktigaste staden for opplæringa. I Den katolske kyrkja får barna ei særskild opplæring i tida frå andre til tiande klassetrinn. Denne opplæringa fører fram til konfirmasjon.

Også innanfor andre trdomssamfunn er det organiserte opplæringstilbod og andre aktivitetar for barn og unge. Det mosaiske trdomssamfunnet har religionsskule for barn frå første til tiande klassetrinn. Alle barna får særskild opplæring i tida før det som svarer til konfirmasjonen. Dei fleste muslimske samfunn har òg godt utbygde undervisningstilbod for barn og unge, med sin Koranskule. Human-Etisk Forbund har undervisning for ungdom i samband med den borgarlege konfirmasjonen, og utviklar undervisningsmaterieil med utgangspunkt i det som er idégrunnlaget for forbundet.

### 3.4 Målet og utfordringane

Departementet ser utviklinga og utforminga av dåpsopplæringa i kyrkja som ein sentral del av ansvaret for å føre den kristne kulturarven i landet vårt vidare inn i ei ny tid. Formidlinga av den kristne trua, av kristne verdiar og kristne tradisjonar til nye generasjonar er ein del av grunnlaget for folkekyrkja vår. Departementet ser dåpsopplæringa i kyrkja som ein grunnstein i arbeidet med å føre vidare ei open og levande folkekyrkje.

Departementet meiner at ei systematisk og målretta utviding av dåpsopplæringstilbodet i Den norske kyrkja er blant dei viktigaste utfordringane kyrkja i dag står framfor. Målet må vere at alle kyrkjelydane i landet kan utvikle og setje i verk eit opplæringstilbod som i innhald og omfang kan gi dei som vert døypte, den lærdommen, erfaringa og innsikta som opplæringa siktar mot.

Kyrkja står med dette framfor mange og ulike utfordringar. Det utvida opplæringstilbodet må vere forankra i sentrale mål og rammeplanar for opplæringa. På sentralt hald i kyrkja må dette planarbeidet utviklast med grunnlag i tidlegare planverk og det materialet som no ligg føre i samband med utgreiinga frå dåpsopplæringsutvalet. Utvikling og utforming av desse retningsgivande planane vil vere ei oppgåve for Kyrkjerådet og Kyrkje-møtet, som har mynde til å fastsetje retningsgivande planar og program for kyrkja si opplæring. Utvikling av slike planar og program må skje i nær kontakt med aktuelle fagmiljø. Det vil likevel vere den einskilde kyrkjelyden som vil måtte gjere dei nødvendige vedtaka om omfanget og innhaldet i tilbodet. På lokalt nivå i kyrkja, i den einskilde kyrkjelyden, vil derfor utfordringane ha andre kjenneteikn. Her handlar det ikkje minst om å byggje tillit hos barna og i heimane. Det vil vere viktig

å byggje tillit til verdien av opplæringstilbodet, til kyrkjelyden, til alle dei som på vegner av kyrkja står ansvarlege for tilbodet.

Det vil vere ei stor utfordring for kyrkja å finne organisatoriske og pedagogiske løysingar som gir tilbodet om dåpsopplæring det breie nedslagsfeltet som den obligatoriske opplæringa i skulen hadde i si tid. Å skulle utvikle noko som tidlegare har vore allment i skulen til å vere nær like allment i kyrkja, vil stille store krav til alle i kyrkja, til dei tilsette, til frivillige, til kyrkja sine valde organ. Det stiller krav om dialog og open kommunikasjon. Det stiller krav om kunnskap om livssituasjonen, evnene og utrustinga til den einskilde, til det som er særpreget i den einskilde heimen, fordi slik kunnskap er nødvendig for å kome barna og heimen i møte med respekt for kven dei er og kva dei står for. I tillegg til alt dette kjem dei mange konkrete, praktiske og organisatoriske utfordringane.

Eit utvida dåpsopplæringstilbod må vere slik organisert og få ei slik utforming at alle døypte kan ta del i det. Samarbeidet med dei frivillige organisasjonane i kyrkja må byggjast ut. Dei frivillige i kyrkja må ta aktivt del saman med dei fast tilsette. Det må vere rom for lokale tilpassingar og lokale løysingar, og for variasjonar i innretning og opplegg kyrkjelydane imellom. Menneske med psykisk eller fysisk utviklingshemming må ha det same tilbodet som andre. I dei samiskspråklege områda må eit utvida dåpsopplæringstilbod ha dei same måla og dei same vilkåra som andre stader i landet.

Målet om eit systematisk og utvida dåpsopplæringstilbod i alle kyrkjelydane i landet er eit langsiktig mål. I neste kapittel går departementet nærare inn på dei konkrete utfordringane som gjer seg gjeldande, med forslag til eit reformprogram for styrking av dåpsopplæringa i kyrkja.

## 4 Vegen mot målet

### 4.1 Innleiing

---

Forslaget frå dåpsopplæringsutvalet om å innføre eit utvida og systematisert dåpsopplæringstilbod for alle døypte barn fram til fylte 18 år, kan ikkje verte realisert innanfor dei økonomiske rammene kyrkja har i dag. Ei budsjettsatsing til fordel for dåpsopplæringa i det omfanget og med den innretninga som er foreslått, vil ha bemanningmessige konsekvensar for dei fleste tenestekategoriene i kyrkja.

Bemanningsspørsmålet i kyrkja, og behovet for ein generell bemanningsauke ut frå kyrkja sin situasjon og kyrkja si oppgåve i dag, har nyleg vore til vurdering i Kyrkjerådet. Hausten 2001 la Kyrkjerådet fram eit forslag til opptrappingsplan for den kyrkjelege bemanninga. Dette forslaget går lenger og har eit vidare siktemål enn dei vurderingar av bemanningsbehova som dåpsopplæringsutvalet gjorde gjeldande, men planen femner òg om bemanningsbehovet på opplæringsfeltet.

Det ligg dermed føre to aktuelle utgreingar om behovet for å auke den kyrkjelege bemanninga. Det er naturleg at dei vert sedde i samanheng. I dette kapitlet vert det gjort nærare greie for den ressursauken som dåpsopplæringsutvalet meiner må til, saman med ein presentasjon av hovudpunkta og konklusjonane i det forslaget til opptrappingsplan for kyrkjeleg bemanning som Kyrkjerådet har utarbeidd. Denne gjennomgangen er med som bakgrunn for departementet sine vurderingar i siste delen av kapitlet.

### 4.2 Bemanningsbehovet etter forslaget frå dåpsopplæringsutvalet

---

I pkt. 2.2 er det gjort greie for vurderingar og forslag frå dåpsopplæringsutvalet om kva omfang dåpsopplæringa i kyrkja bør ha. Som det går fram der, har utvalet gått inn for at alle døypte får tilbod om eit organisert opplæringstilbod på 315 timar fram til fylte 18 år. Utvalet strekar under at eit tilbod i dette omfanget stiller krav om ein vesent-

leg auke i løyvingane frå det offentlege. Utvalet har rekna meirbehovet til om lag 550 mill. kroner. Utvalet legg vidare til grunn at hovuddelen av denne auken må kome over statsbudsjettet. Meirutgiftene for kommunane, mellom anna til undervisningslokale, hjelpemiddel og materiell for undervisninga, og til auka bruk av kyrkjene, har utvalet rekna til om lag 45 mill. kroner.

Dei ressursmessige konsekvensane som utvalet legg til grunn, vil i første rekkje vere lønns- og driftsmidlar for nye stillingar i kyrkjelydane. Ved å gjere frådrag for dei ressursane som utvalet meiner går med til dåpsopplæring i kyrkja i dag, kjem utvalet fram til at det er behov for om lag 1 200 nye årsverk i kyrkjelydane. Utvalet peiker i denne samanhengen på at det auka stillingsbehovet ikkje berre vil gjelde éin stillingskategori. Gjennomføringa av eit utvida dåpsopplæringstilbod vil stille krav om fagleg samarbeid på tvers av profesjonane i kyrkja, dvs. om eit samarbeid der prestar, kateketar, diakonar, kyrkjemusikarar og andre tilsette i kyrkja er med. Likevel vil gjennomføringa av dåpsopplæringstilbodet i første rekkje vere ei oppgåve for kateketane, saman med særskilde dåpslærarar. Av dei nemnde 1 200 nye årsverka meiner utvalet at 800 bør vere for kateketar og dåpslærarar, medan 200 bør vere for prestar og i alt 200 årsverk for diakonar og kyrkjemusikarar. Utvalet meiner dessutan at gjennomføringa av eit utvida dåpsopplæringstilbod vil stille krav om ca. 100 nye årsverk på regionalt og sentralt nivå i kyrkja.

Utvalet strekar under at det er fleire usikre og ukjende faktorar knytte til det ressursbehovet utvalet har rekna seg fram til. Ved estimeringa av dei budsjettmessige konsekvensane har utvalet mellom anna gjort rekning med at 70 pst. av dei som vert fødde, tek del i opplæringa. Dersom denne prosenten vert høgare eller lågare, vil dei budsjettmessige konsekvensane endre seg. Budsjettbehovet er elles rekna ut med grunnlag i det undervisningstimetalet som dei døypte skal få tilbod om (315 timar), sett i samanheng med dei lærarressursane som går med til ein undervisningstime i skulen. Utvalet legg til grunn at alle kyrkjelydar har den same standarden på opplæringstilbodet, og at opplæringa er gratis for deltakarane/heimen.

Utvalet strekar under at det vil vere behov for spesialkompetanse, til dømes innan spesialpedagogikk, knytt til dåpsopplæring for barn med særskilte behov. Kravet om fagleg kompetanse i kyrkjelydane vert vurdert av utvalet som eit særskilt viktig moment for realiseringa av eit utvida opplærings-tilbod. Utvalet peiker i denne samanhengen på dei store utfordringane som er knytte til rekrutterings-spørsmålet.

### Høyringsinstansane

Dei fleste høyringsinstansane uttalte seg om omfanget og innretninga av det opplæringstilbodet dåpsopplæringsutvalet tok til orde for. Få av høyringsinstansane hadde alternative synspunkt på dei bemanningstala og dei økonomiske konsekvensane som utvalet hadde rekna seg fram til. Kyrkjemøtet 2001 stilte seg bak den vurderinga av budsjettbehovet som utvalet la til grunn. Departementet viser elles til gjennomgangen av oppfatningane til høyringsinstansane under pkt. 2.3.

## 4.3 Forslag frå Kyrkjerådet om opptrappingsplan for den kyrkjelege bemanninga

### 4.3.1 Innleiing

På initiativ frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet har Kyrkjerådet dei siste åra arbeidd med ein plan for bemanninga i Den norske kyrkja. Initiativet frå departementet hadde bakgrunn mellom anna i Budsjett-innst. S. nr. 12 (1995–96), der fleirtalet i kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen uttalte:

«Flertallet har merket seg at bemanningen i kirkene i de andre nordiske land er bedre enn i Norge. Flertallet vil på denne bakgrunn be departementet utarbeide en opptrappingsplan for den kirkelige bemanning.»

Kyrkjerådet sitt arbeid på området resulterte i rapporten Bemanning i Den norske kirke – Opptrappingsplan for kirkelig bemanning, som vart send Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet i oktober 2001. Eit utkast hadde vore behandla av Kyrkjemøtet 2000.

### 4.3.2 Hovudpunkta i opptrappingsplanen frå Kyrkjerådet

Rapporten frå Kyrkjerådet, med forslag til opptrappingsplan for bemanninga i Den norske kyrkja, har

som utgangspunkt at bemanninga i dag er for låg. Det er understreka at dei mål og oppgåver Den norske kyrkja har, ikkje kan løysast tilfredsstillande utan at kyrkja får ein vesentleg auke i bemanninga. Kyrkjerådet ser ein slik auke som eit vilkår for at Den norske kyrkja skal kunne halde fram som folkekyrkje.

I rapporten vert det vist til at bemanninga i kyrkja dei siste 20–30 åra ikkje på langt nær har hatt den auken som ville ha vore naturleg ut frå auken i folketalet. Det er vist til at auken i talet på offentleg tilsette i andre samfunnssektorar, til dømes innan helsesektoren og innan skuleverket, i desse åra har vore langt større enn i kyrkja. Av rapporten går det mellom anna fram at stillingsveksten i offentleg sektor i perioden 1980–1999 har vore 50 pst., med størst auke i kommunesektoren, medan stillingsauken i kyrkja har vore langt lågare. Til dømes har auken i talet på prestestillingar i denne perioden vore 14 pst. I rapporten vert det elles peikt på at bemanninga i kyrkja, og fordelinga av denne mellom kyrkjelydane, ikkje på tilfredsstillande vis reflekterer geografiske og andre strukturelle variasjonar kyrkjelydane imellom. I rapporten er det òg med dokumentasjon som viser at bemanninga i Den norske kyrkja er lågare enn i folkekyrkjene i nabolanda våre.

I rapporten er det vist til at behovet for å auke bemanninga i Den norske kyrkja har vore understreka og drøfta i ulike samanhengar gjennom fleire tiår. Det er mellom anna referert til St.meld. nr. 40 (1980–81) Om stat og kyrkje, og til behandlinga av denne meldinga i Stortinget, jf. Innst. S. nr. 265 (1980–81), der det mellom anna heiter (side 16):

«Et av de spørsmål som har skapt størst bekymring i kirken de senere årene, er den kirkelige bemanningssituasjonen. Endringen i bosettingen med store befolkningskonsentrasjoner har også stilt nye krav til kirken, og disse kan bare i liten grad løses ved omdisponeringer av personell og stillinger. (...) Komiteen mener (...) at dersom kirken skal kunne dekke alle sine oppgaver på en tilfredsstillende måte i årene framover uten å kreve en urimelig arbeidsinnsats av sine ansatte, må antall stillinger økes vesentlig.»

I rapporten er det dessutan vist til at Kyrkjemøtet, sidan det vart oppretta i 1984, omtrent kvart år har drøfta bemanninga i kyrkja, med understreking av behovet for bemanningsauke. I samband med at Kyrkjerådet i september 2001 behandla rapporten og forslaget til opptrappingsplan, uttalte Kyrkjerådet:

«Både Kirkemøtet, Kirkerådet og Bispemøtet har ved flere anledninger påpekt den vanske-



lige bemanningssituasjonen i kirken. Kirkerådet mener at den foreliggende planen gir en dekkende beskrivelse av bemanningsbehovet kirken har de neste 10 år. Planen dokumenterer at Den norske kirke ikke har den bemanning som er nødvendig for at kirken kan være en bekjennende, misjonerende, tjenende og åpen folkekirke, og gir forslag til hvordan dette kan løses. Kirkerådet forventer derfor at Stortinget følger opp denne opptrappingsplanen med de nødvendige bevilgninger og tilskudd. Kirkerådet viser også til at Stortinget ved flere anledninger har påpekt den svake bemanningen i Den norske kirke og behovet for en opptrappingsplan for den kirkelige bemanning.»

#### Forslag til grunnbemanning i ein kyrkjelyd

Utgangspunktet for Kyrkjerådet sitt forslag til opptrappingsplan er ei vurdering av kva for kyrkjelege tenester som må vere til stades i ein kyrkjelyd. I rapporten heiter det om dette:

«En plan for den kirkelige bemanning må (...) ha som målsetting å gi den lokale menighet tilstrekkelige personalressurser til å utføre de nødvendige oppgaver i menigheten.»

For å finne operasjonelle normer for kva som etter dette må vere grunnbemanninga i ein kyrkjelyd, er det i planen teke utgangspunkt i ein kyrkjelyd med 5 000 kyrkjemedlemer. Denne kyrkjelyden er ei vald grunneining, ein modell, med typiske variablar eller kjenneteikn med omsyn til aldersfordeling, gudstenester, kyrkjelege handlingar m.m. Dimensjoneringa av grunnbemanninga i denne kyrkjelyden er rekna ut etter det som vil vere eit tilfredsstillande tenestetilbod i kyrkjelyden, og kor mange timeverk som naturleg går med til gjennomføringa av kvar teneste. Bemanningssbehovet kjem dermed fram som eit resultat av omfanget av dei kyrkjelege tenestene og talet på timeverk knytte til kvar teneste. Timeverka er om-

rekna til årsverk og fordelte på ulike teneste- eller stillingskategoriar (prestar, diakonar, kateketar/undervisningspersonale, kyrkjemusikarar m.m.). På grunnlag av denne standarden eller norma for grunnbemanninga i ein kyrkjelyd, er bemanningssbehovet for heile landet, i kvart prosti og i kvar kommune rekna ut. Det er korrigert for strukturelle variasjonar, så som demografiske og geografiske.

Resultatet for heile landet viser at det er behov for 2 660 nye årsverk. Dette er dermed måltalet for opptrappingsplanen. Bemanningssbehovet når det gjeld kyrkjetenarar og kyrkjegardsarbeidarar, er ikkje rekna med i planen. Oppstillinga i tabell 4.1, som er henta frå rapporten, viser korleis måltalet på 2 660 nye årsverk fordeler seg på dei einskilde tenestene. Oppstillinga viser òg korleis bemanninga i dag fordeler seg, og det den samla bemanninga vert ved den auken som er foreslått.

I rapporten frå Kyrkjerådet heiter det at opptrappinga bør gå føre seg over ein periode på ti år. Det går elles fram av rapporten at det er den delen av opptrappingsplanen som er knytt til dåpsopplæringa og prestetenesta som bør ha prioritet dei første åra.

Forslaget til opptrappingsplan for den kyrkjelege bemanninga vart utarbeidd parallelt med arbeidet i dåpsopplæringsutvalet. I ein viss grad har opptrappingsplanen òg innarbeidd bemanningssmessige behov knytte til ei utvida dåpsopplæring. I rapporten heiter det om dette:


«Dersom det blir vedtatt en lovfesting av dåpsopplæringen, slik utvalget har foreslått, betinger det en ytterligere økning av bemanningen.»

Av rapporten går det fram at det i tilfelle må reknast inn ca. 400 ekstra årsverk til undervisningstenesta i kyrkja.

I rapporten er det òg gjort ei vurdering av bemanningssbehovet ved dei regionale og sentralkyr-

Tabell 4.1 Forslag frå Kyrkjerådet om bemanningsauke i kyrkja

Tenestekategori	Årsverk 2001	Forslag til auke	Sum
Presteteneste	1 229	539	1 768
Diakoni	173	609	782
Opplæring	182	600	782
Kyrkjemusikk	629	153	782
Leiing og administrasjon	1 046	591	1 637
Klokkarteneste	91	167	258
Sum	3 350	2 659	6 009



Figur 4.1 Innbyggjarar per prestestilling (1999)

Kjelde: Kyrkjerådet

kjelege råda. Utgangspunktet for desse vurderingane er dei arbeids- og ansvarsområda desse organa har, og korleis dei oppgåvene som følgjer av det, skal løysast på tilfredsstillande måte. Rapporten frå Kyrkjerådet konkluderer med at det på sentralt og regionalt nivå i kyrkja er behov for nær 110 nye årsverk utover dei 100 nye årsverka innan opplæringsfeltet som dåpsopplæringsutvalet meinte var nødvendige.

I rapporten frå Kyrkjerådet er det understreka at opptrappingsplanen vil representere ei stor utfordring med omsyn til å rekruttere kvalifiserte medarbeidarar til dei einskilde tenestene. Det er vist til at rekrutteringssituasjonen ikkje er tilfredsstillande i dag, særleg når det gjeld den kyrkjelege undervisninga og kyrkjemusikktenesta, og at den store auken i talet på kyrkjelege stillingar som opptrappingsplanen inneber, stiller krav om ein annan og langt betre rekrutteringssituasjon, ikkje berre blant undervisningspersonell og kyrkjemusikarar, men òg blant prestar, diakonar og andre tenestekategoriar i kyrkja. Rekrutteringssituasjonen i kyrkja i dag, og perspektiva for dette feltet i framtida, vil dermed vere ein særleg kritisk faktor, noko òg dåpsopplæringsutvalet understreka i høve til styrking av kyrkja si dåpsopplæring. I rapporten frå Kyrkjerådet heiter det om dette:

«Kyrkerådet ser med bekymring på den rekrutteringssituasjon som avdekkes i planen. Det må være hele kirkens ansvar å arbeide for at flere mennesker ønsker å ha kirken som ar-


beidsplass og fullfører den nødvendige utdanning for dette. Bevilgende myndigheter må gi de nødvendige tilskudd slik at kirkelige organ på forskjellig nivå kan stimulere til et aktivt og målrettet rekrutteringsarbeid.»

#### Bemanninga i dei nordiske kyrkjene

I rapporten frå Kyrkjerådet er det for ein del av dei kyrkjelege tenestemanskategoriane gjort samanlikningar mellom bemanninga i Den norske kyrkja og bemanninga i kyrkjene i andre nordiske land. Figur 4.1 viser korleis Den norske kyrkja plasserer seg med omsyn til talet på prestestillingar per innbyggjar, samanlikna med situasjonen i Danmark, Sverige og Finland.

Av figur 4.1 går det fram at det i Noreg i gjennomsnitt er vel 1 000 fleire innbyggjarar per prestestilling enn i nabolanda våre. I rapporten er det òg vist til at bemanninga innanfor fleire andre tenestekategoriar er lågare, målt i årsverk per 1 000 innbyggjarar, enn i Sverige og Finland, sjå figur 4.2. Sidan Danmark ikkje har fullgod statistikk på området, har Kyrkjerådet ikkje rekna Danmark med i oversikta.

Som det går fram av figur 4.2, er det innanfor dei fleste tenestekategoriane fleire kyrkjelege årsverk per innbyggjar i Finland og Sverige enn i Noreg. Skilnaden mellom Noreg og dei andre landa er særleg stor innan diakonien og på opplæringsfeltet.



Figur 4.2 Innbyggjarar per årsverk innan ulike tenestekategoriar (1999)

Kjelde: Kyrkjerådet

### Oppsummering

Kyrkjerådet sitt forslag til opptrappingsplan for den kyrkjelege bemanninga har som mål ein auke i bemanninga i Den norske kyrkja på om lag 2 750 årsverk i løpet av ti år. Med utgangspunkt i at kyrkja i dag har ca. 5 000 årsverk, medrekna tilsette ved kyrkjegardane, vil dette seie ein auke til nær 8 000 årsverk. Som bakgrunn for planen viser Kyrkjerådet til at den bemanninga kyrkja har i dag, ikkje er tilfredsstillande, sedd i lys av dei oppgåver og det oppdrag Den norske kyrkja har som folkekyrkje, og at ein auke i bemanninga er eit vilkår for at Den norske kyrkja skal kunne halde fram som folkekyrkje. Kyrkjerådet viser òg til at auken i den kyrkjelege bemanninga har vore langt lågare dei siste 20–30 åra enn i andre offentlege sektorar, og at bemanninga i Den norske kyrkja ikkje er på nivå med bemanninga i kyrkjene i nabolanda våre. I samband med opptrappingsplanen er det vist til at kyrkja står framfor store utfordringar når det gjeld å rekruttere kvalifisert personell til dei ulike tenestekategoriene i kyrkja, ikkje minst i lys av at rekrutteringssituasjonen i kyrkja er langt frå tilfredsstillande i dag. Opptrappingsplanen er i stor grad i samsvar med den bemanningsauken dåpsopplæringsutvalet meiner er nødvendig på opplæringsfeltet, men ved ei lovfesting av retten til dåpsopplæring vil det vere behov for ytterlegare 400 årsverk. Kyrkjerådet meiner at dåpsopplæringa er eit område som bør ha prioritet ved den gradvise opp-

trappinga av den kyrkjelege bemanninga som planen tek sikte på.

## 4.4 Vegem framover

### 4.4.1 Innleiing

Departementet ser det som eit mål å auke bemanninga i Den norske kyrkja i åra framover. Den opptrappingsplanen som Kyrkjerådet har utarbeidd, vil vere ein viktig referanse i dette arbeidet. Departementet ser ikkje grunn til å gå nærare inn på grunnlaget eller føresetnadene for måltala i Kyrkjerådet sin opptrappingsplan. Departementet kan heller ikkje sjå at det er dei eksakte måltala som kan vere avgjerande for den vidare oppfølginga. At det er behov for å auke bemanninga i kyrkja, vil departementet understreke på generelt grunnlag. Departementet vil dessutan peike på at dette ikkje berre er ei utfordring for staten og statsbudsjettet, men òg for kommunane og kommunebudsjetta. Sjølv om det dei seinaste åra har vore oppretta nye kyrkjelege stillingar på statsbudsjettet, og det òg på lokalt plan i kyrkja har vore ein stillingsauke dei seinaste åra, i første rekkje som følgje av det nye lovverket for kyrkja, viser rapporten frå Kyrkjerådet – og dei måltala for dei ulike tenestekategoriene som er med i opptrappingsplanen – at behovet for fleire kyrkjelege stillingar er til stades på mange område.

Departementet ser det slik at ein målretta auke i bemanninga i kyrkja i åra framover må vurderast i samanheng med det som no står fram som det truleg viktigaste innsatsområdet: reform av kyrkja si dåpsopplæring. Dette står ikkje i motsetnad til Kyrkjerådet sitt forslag til opptrappingsplan. Kyrkjerådet sitt forslag har eit siktemål som går utover styrkinga av dåpsopplæringa, men som er basert på dei same vurderingane som ligg til grunn for denne styrkinga. Å auke bemanninga i kyrkja til fordel for dåpsopplæringa vil dermed representere ei oppfølging av opptrappingsplanen, og vere i tråd med tilrådinga frå Kyrkjerådet om at ein bemanningsauke knytt til dåpsopplæringa bør ha prioritet dei næraste åra.

Departementet viser til dette og meiner at det første steget for å kome bemanningsbehovet i kyrkja i møte, er å knyte auken i innsatsfaktorane (budsjett, personell m.m.) til ei målretta styrking av dåpsopplæringa. Bemanningsauke i kyrkja ut frå andre omsyn vil departementet vurdere på vanleg måte i samanheng med dei årlege statsbudsjetta.

Dei budsjettmessige konsekvensane ved full gjennomføring av eit organisert dåpsopplæringstilbod til alle døypte fram til fylte 18 år – i eit omfang på 315 timar for alle – er av dåpsopplæringsutvalet rekna til 550 mill. kroner, inklusive 1 200 nye årsverk i kyrkjelydane og 100 nye årsverk på sentralt og regionalt nivå i kyrkja. Departementet har ikkje sett grunn til å gå nærare inn på dei konkrete premissane som dei budsjettmessige konsekvensane er rekna på grunnlag av. Det sentrale er at dåpsopplæringsutvalet – og opptrappingsplanen frå Kyrkjerådet – viser at eit utvida og systematisk dåpsopplæringstilbod ikkje kan gjennomførast med dei økonomiske rammene kyrkja i dag arbeider innanfor.

#### 4.4.2 Dei første stega på vegen

##### *Eit nasjonalt reformprogram*

Motivet og målet for dåpsopplæringa er omtalte i kap. 3. Regjeringa ønskjer eit systematisk og velorganisert opplæringstilbod for alle døypte barn i alle kyrkjelydane i landet. På vegen mot dette målet vil utfordringane vere mange og ulike. Dei generelle utfordringane heng saman med ressurstilgang, bemanning og rekruttering. For den einskilde kyrkjelyden kjem utfordringane i samband med den praktiske planlegginga og innpassinga av eit utvida dåpsopplæringstilbod og med den kvaliteten som er målet. I kyrkjelydane vil det vere behov for fleire kyrkjelege undervisningsleiarar, ved sida av kvali-

fiserte dåpslærarar. Det vil òg vere nødvendig å utarbeide og setje i verk eit pedagogisk opplæringstilbod tilpassa dei ulike alderstrinna og tilpassa barn og unge med særskilde behov. Opplæringstilbodet må integrerast og få rotfeste i heile kyrkjelyden, og det må gå ut brei informasjon til foreldre og føresette, slik at dei vert motiverte til samarbeid med kyrkja i eit omfang som ikkje har vore systematisk prøvd ut før. I gjennomføringa av eit utvida opplæringstilbod vil det òg vere nødvendig å finne fram til god arbeidsdeling mellom dei tilsette i kyrkjelyden og å utvikle samspel med frivillige, slik at desse kan ta aktivt del og kompetansen deira kan utnyttast. Særleg vil det vere viktig å byggje på og utvikle samarbeidet med dei frivillige organisasjonane i kyrkja. For å få til rasjonelle lokale løysingar av praktiske og organisatoriske spørsmål, vil det i mange tilfelle vere aktuelt å stimulere til samarbeid mellom fleire kyrkjelydar, og mellom sokneråda og det kyrkjelege fellesrådet i kommunen. Lokalt handlar det dessutan om å finne svar på spørsmål om kva tid på dagen opplæringa bør gå føre seg, om undervisninga bør eller kan finne stad på skulen m.m. Mange kyrkjelydar, med god tilgang på menneskelege ressursar og fagkompetanse, vil straks kunne gå i gang med å utvikle eit systematisk og velorganisert opplæringstilbod for alle døypte, dersom det vert økonomiske rammer for det. I andre kyrkjelydar vil det ikkje berre vere behov for økonomiske ressursar og arbeidskraft. Dei vil òg ha større behov for ekstern rettleiing og hjelp til å møte dei mange praktiske og faglege utfordringane.

I dette perspektivet meiner departementet det er nødvendig at eit utvida dåpsopplæringstilbod må utviklast over tid innanfor ramma av eit nærare definert reformprogram. Dåpsopplæringsutvalet la til grunn eit tiårsperspektiv, og såg for seg tre utviklings- eller gjennomføringsfasar: Ein førebuingssfasa, ein etableringsfasa og til slutt ein konsolideringsfasa. Departementet meiner det er viktig å leggje premissane for ei slik trinnvis utvikling, der den første fasen vil vere den viktigaste å ha konkrete planar for. Departementet ser iverksetjinga av denne delen av reformprogrammet som det første viktige steget på vegen fram mot målet. Den primære oppgåva no er å klargjere målet for og innhaldet i denne første delen.

Departementet ser den første delen av reformprogrammet som ein forsøks- og utviklingsperiode, særleg med tanke på spørsmål som gjeld den lokale organiseringa og utforminga av opplæringa, og korleis opplæringstilbodet praktisk vert lagt til rette. På lengre sikt vil evalueringane og erfaringane frå denne perioden vere viktige for den vidare

utviklinga av dåpsopplæringa i kyrkja. Departementet meiner at forsøks- og utviklingsarbeidet må gå over fleire år og femne breitt. Ikkje minst ser departementet det som viktig å vinne erfaringar med omsyn til deltaking, dvs. kor mange av dei døypte barna som gjer bruk av eit utvida opplæringstilbod. Dette vil det naturleg ta tid å få erfaringar med. Departementet ser det òg som viktig å få prøvd ut om eit opplæringstilbod på 315 timer, slik dåpsopplæringsutvalet og Kyrkjemøtet 2001 la til grunn, bør vere det endelege målet. I forsøks- og utviklingsperioden bør målalet på 315 timar leggjast til grunn, men det er først etter ei evaluering av erfaringane frå forsøksperioden at det vil vere grunnlag for å ta endeleg standpunkt til omfanget av opplæringstilbodet. Forsøks- og utviklingsperioden vil elles vere kjenneteikna ved at ulike pedagogiske opplegg vert prøvde ut. Desse må evaluerast i høve til erfaringane når det gjeld det pedagogiske tilbodet, dimensjoneringa og innretninga av det mellom dei ulike alderstrinna. Vidare vil det vere viktig å få vurdert kva for kritiske faktorar som er dei mest sentrale ved innføringa av tilbodet. Organisatoriske og praktiske løysingar, bruken av skulen, tidspunkta for opplæringa, tilgangen på kvalifisert arbeidskraft og dei økonomiske vilkåra er faktorar som det vil vere viktig å få evaluert. Erfaringane kan òg seie noko om det i første rekkje er dei ressursane som vert stilte til rådvelde som er avgjerande for dei resultatane som viser seg, eller om det til dømes er det pedagogiske opplegget, deltakinga og samarbeidet med foreldre og føresette, tilgangen på kvalifisert personell, tenlege lokale eller organisatoriske tilhøve.

Med dei utfordringane som vil kjenneteikne den første delen av reformprogrammet, meiner departementet at denne bør organiserast som eit prosjekt, avgrensa i tid og underordna ei styringsgruppe. Prosjektperioden bør setjast til fem år. Etter prosjektperioden, med forsøks- og utviklingsarbeid som hovudelement, kjem utbyggings- og konsolideringsfasen, der målet er at alle kyrkjelydane i landet gradvis byggjer ut og konsoliderer eit systematisk dåpsopplæringstilbod for alle barn frå dei vert døypte til fylte 18 år. Departementet vil vere varsam med å tidfeste eit fullt utvikla dåpsopplæringstilbod i alle kyrkjelydane, særleg fordi dei faktorene som vil vere viktige for framdrifta og den vidare utviklinga, langt på veg er ukjende i dag. Dette gjeld til dømes tilgangen på kvalifisert arbeidskraft og kor mange som vil delta i opplæringstilbodet. Likevel meiner departementet det er naturleg å ha som utgangspunkt eit tidsperspektiv på ti år.

### *Innhald og innretning av den første delen av reformprogrammet*

Departementet går inn for eit nasjonalt reformprogram innan dåpsopplæringa, der forsøks- og utviklingsarbeid er sentrale element dei første åra. Målet med første delen av reformprogrammet er å initiere og leggje til rette for utprøving av ulike løysingar og opplegg for ei systematisk utviding av dåpsopplæringstilbodet. Mange kyrkjelydar har i dag konkrete planar for å satse på dåpsopplæringa, men har ikkje nødvendige ressursar for gjennomføringa. Å stimulere kyrkjelydane til å utvikle og prøve ut dei planane dei har, er ei sentral side ved den første delen av reformprogrammet.

I tillegg til forsøks- og utviklingsarbeid vil eit sentralt kjenneteikn ved den første delen av reformprogrammet vere evaluering av erfaringar og resultat. Den første delen skal danne grunnlaget for utviklinga seinare og må derfor sjåast i eit langsiktig perspektiv. Nedanfor er punktvis nemnt nokre viktige føresetnader som departementet meiner må leggjast til grunn:

1. Dåpsopplæringstilbodet i kyrkja skal vere eit tilbod for dei døypte barna der dei bur, i deira eigen kyrkjelyd. Eit reformprogram for dåpsopplæringa må byggje på at forsøks- og utviklingsarbeid skal ha lokal forankring og gå føre seg i den einskilde kyrkjelyden.
2. Forsøks- og utviklingsarbeidet skal femne breitt. Det må vere eit mål at ein stor del av kyrkjelydane er involverte i reformarbeidet frå eit tidleg tidspunkt, slik at det er grunnlag for å prøve ut mange ulike løysingar, tilpassa lokale tilhøve.
3. I utvalde kyrkjelydar skal det setjast i verk systematiske forsøk med eit fullt utvikla opplæringstilbod, dvs. frå barnet vert døypt til fylte 18 år.
4. Reformprogrammet må frå starten ta omsyn til dei kyrkjelydane som i dag er motiverte og har føresetnader for raskt å utvikle eit utvida opplæringstilbod. Reformprogrammet må verke stimulerande, ikkje hindrande for lokale initiativ og utviklinga av eksisterande tiltak.
5. Forsøks- og utviklingsarbeidet bør vere styrt gjennom ei prosjektorganisering.

At forsøks- og utviklingsarbeidet skal ha lokal forankring, dvs. vere forankra i den einskilde kyrkjelyden, er grunnleggjande. Det lokale forsøks- og utviklingsarbeidet kan ikkje vinne fram utan at det på regionalt og sentralt hald i kyrkja vert arbeid med utvikling av materiell, pedagogiske opplegg m.m., men tyngdepunktet i reformarbeidet skal

liggje i kyrkjelydane. Føresetnaden om at mange kyrkjelydar skal vere involverte ved starten av reformprogrammet, er ein konsekvens av dette. Det er grunn til å understreke at det regionale nivået i kyrkja, dvs. bispedømme, dermed vil stå framfor særlege utfordringar. Sjølv om det er kyrkjelydane sjølve som vil ha ansvaret for å etablere eit utvida opplæringstilbod, vil behovet for fagleg rettleiing og hjelp vere stort. Denne oppgåva må bispedømme vere rusta for, slik at dei har kapasitet og kompetanse til å motivere og støtte opp under dei konkrete planane og tiltaka som vert utvikla i kyrkjelydane. I tida framover vil det derfor vere viktig både å byggje på og å byggje ut den kompetansen og kapasiteten bispedømme i dag har på opplæringsfeltet. Slik vil forsøks- og utviklingsarbeidet vere kjenneteikna ved å ha ei sterk lokal og regional forankring, med ansvar og oppgåver plasserte i bispedømme hjå bispedømmeråda og biskopane, og i den einskilde kyrkjelyden.

Departementet har vurdert om bispedømme og kyrkjelydane bør stillast heilt fritt i å prøve ut dei ulike delane av eit opplæringstilbod på 315 timar. Sjølv om det er viktig å leggje til rette for lokal valfridom, er det likevel departementet sitt syn at eit systematisk forsøks- og utviklingsarbeid stiller krav om samordning og innpassing i eit samlande, felles opplegg. Ein alternativ modell ville vere å innrette forsøks- og utviklingsperioden på særskilde eller avgrensa delar av tilbodet på 315 timar, dvs. at ein dei første åra konsentrerte seg om til dømes småskulefasen, eventuelt andre delar av opplæringstida, og innretta alle forsøks- og utviklingstiltak, inklusive fagleg rettleiing og økonomiske stimulansar, mot dette. Ulempa ved denne måten å innrette forsøks- og utviklingsarbeidet på, er mellom anna at han gir liten valfridom, og at det vil vere ein fare for at det opplæringstilbodet og den aktiviteten som i dag finst i dei einskilde kyrkjelydane, ikkje på tilfredsstillande måte kan integrerast i eit felles, samordna opplegg.

For å sikre ei samordna og systematisk utprøving av eit utvida dåpsopplæringstilbod vil departementet gå inn for at forsøks- og utviklingsarbeidet byggjer på ei oppgåvefordeling bispedømme imellom. Dåpsopplæringsutvalet sitt forslag til opplæringstilbod var inndelt i seks opplæringsfasar (dåpsfasen, førskulefasen, småskulefasen, mellomfasen, konfirmasjonstida og til slutt tida etter konfirmasjonen), jf. pkt. 2.2.2. Departementet ser det som viktig at alle desse fasane vert prøvde ut og utvikla parallelt, og meiner den beste måten å få dette til på, er å leggje ansvaret for utprøving og utvikling av dei ulike opplæringsfasane til ulike bispedømme. Innanfor ramma av eit samla opp-

legg skal bispedømme få tildelt ansvaret for ulike delar av forsøks- og utviklingsarbeidet. Ved ei slik oppgåvefordeling vil det liggje til rette for arbeidsdeling bispedømme imellom med omsyn til den fagkompetansen dei treng for å gi fagleg rettleiing. Fordi kyrkjelydane i bispedømme vil arbeide på eit felles grunnlag, vil det òg liggje betre til rette for samarbeidsløysingar kyrkjelydane imellom. Ved ein viss geografisk konsentrasjon av forsøks- og utviklingsarbeidet gjennom oppgåvefordelinga mellom bispedømme, er det dessutan grunn til å rekne med praktiske vinstar, til dømes ved gjennomføringa av evalueringar. Departementet legg til grunn ein toårig progresjon for gjennomføringa av oppgåvefordelinga mellom bispedømme, dvs. at alle bispedømme i løpet av to år skal vere involverte i forsøks- og utviklingsarbeidet.

Departementet meiner det vil vere naturleg at fire av bispedømme får tildelt dåps- og førskulefasen som satsingsområde, at fire bispedømme får tildelt småskulefasen som satsingsområde, og at dei tre siste bispedømme får tildelt den delen av opplæringstida som kjem etter småskulefasen og går fram til fylte 18 år. Dei einskilde bispedømme skal få fagleg og økonomisk hjelp til å prøve ut og utvikle den delen av opplæringstilbodet som vedkomande bispedømme har fått tildelt. Denne arbeids- eller ansvarsdelinga bispedømme imellom bør likevel ikkje vere bindande, men retningsgivande. Det må vere rom for å gi fagleg og økonomisk støtte òg til kyrkjelydar som ønskjer å utvikle fleire eller andre delar av opplæringstilbodet enn det som er satsingsområdet i bispedømmet. Departementet ser slik fleksibilitet som viktig for å kunne motivere kyrkjelydar som har planar og særlege føresetnader for dette. Som nemnt er det ei viktig side ved forsøks- og utviklingsarbeidet at det skal verke stimulerande, ikkje hindrande for vidareutvikling av eksisterande planar og tiltak. Det er elles naturleg at detaljane og den konkrete utforminga av den skisserte modellen vert drøfta med kyrkjelege organ.

I tillegg til å få prøvd ut ulike delar av dei seks opplæringsfasane gjennom ei arbeidsdeling bispedømme imellom, meiner departementet at det i første delen av reformprogrammet òg bør gå føre seg forsøk som femner om alle dei seks opplæringsfasane, dvs. for tida frå dåpen til fylte 18 år, i utvalde kyrkjelydar. Dette vil vere nødvendig for å få erfaringar og ei systematisk utprøving av alle dei faglege, økonomiske og praktiske utfordringane som gjer seg gjeldande når opplæringstilbodet i kyrkjelyden er 315 timar. Eit slikt opplegg vil vere ressurskrevjande, og bør ikkje femne om for mange kyrkjelydar. Departementet legg til grunn at tre

kyrkjelydar i kvart bispedømme bør vere med i slike forsøk og få fagleg og økonomisk støtte til det. Med tre kyrkjelydar i kvart bispedømme, i alt 33 kyrkjelydar, vil det vere etablert eit godt grunnlag for å få variasjon og ulike løysingar i opplegg og metode, og for å innhente ulike erfaringar. Samtidig vil ikkje talet på kyrkjelydar vere større enn at kvaliteten i den faglege rettleiinga og evalueringa kan verte tilfredsstillande. I desse kyrkjelydane skal eit utvida og fullt utbygd dåpsopplæringstilbod verte systematisk utvikla, prøvd ut og innarbeidd. I mange kyrkjelydar vil det vere gode føresetnader for dette i dag – det gjeld både ressursar og personale – medan slike føresetnader vil mangle andre stader. Det vil derfor vere viktig at dei kyrkjelydane som er med, er representative, dvs. at dei representerer ulike typar kyrkjelydar med omsyn til demografiske, geografiske og andre kjenneteikn. Erfaringane frå desse kyrkjelydane, saman med erfaringane frå dei kyrkjelydane som utviklar avgrensa delar av opplæringstilbodet, må ha stor tyngd og representativitet og tene som eksempel og referansar for andre kyrkjelydar. Som nemnt skal kyrkjelydar i alle bispedømme vere representerte. Minst éin kyrkjelyd skal vere i samisk område.

### *Prosjektorganisering*

Kyrkjelydane og kyrkja i det heile står framfor store praktiske og pedagogiske utfordringar ved realiseringa av ei reform innan dåpsopplæringa. For å kome utfordringane i møte, meiner departementet som nemnt at forsøks- og utviklingsarbeidet dei første fem åra i reformperioden bør organiserast som eit prosjekt. Målet med prosjektorganisering er å få ein organisatorisk basis for å utvikle ein felleskyrkjeleg strategi på feltet og for å leggje til rette for samordning av dei ulike oppgåvene og tiltaka innan forsøks- og utviklingsarbeidet. Med den vekta departementet legg på at forsøks- og utviklingsarbeidet skal ha regional og lokal forankring, vil oppgåva for den sentrale prosjektleiinga mellom anna vere å motivere og rettleie det regionale og lokale nivået, ha oversyn over det forsøks- og utviklingsarbeidet som vert sett i gang i bispedømme, og i samarbeid med bispedømme kartlegge erfaringar og gjennomføre evalueringar. Prosjektet må leggje til rette for sentrale informasjonstiltak og for at erfaringar vert spreidde bispedømme imellom. Den samla fagkompetansen på området må utnyttast på ein rasjonell måte. Prosjektet må dessutan identifisere behovet for å utvikle pedagogisk hjelpemateriell og ta initiativ til å utvikle læremiddel og ulike pedagogiske opplegg

for opplæringa. Utfordringane innan dette feltet vil vere store, ikkje minst når det gjeld utvikling av opplæringsmateriell for barn og unge i samisk-språklege område. Det må òg leggast vekt på å utvikle materiell og pedagogiske opplegg for barn og unge med særskilde behov. Vidare må prosjektet vurdere korleis ny teknologi og Internett som del av opplæringa kan takast i bruk, mellom anna ved utvikling av elektroniske læremiddel. Det vil dessutan vere behov for å utvikle faste ritual og liturgiar som del av det pedagogiske opplegget, til bruk i familie-, barne- og ungdomsgudstenester m.m.

Ei særleg utfordring som gjer seg gjeldande ved ei reform av dåpsopplæringa, er å få god tilgang på kvalifisert arbeidskraft innan opplæringsfeltet. Spørsmål og tiltak som gjeld rekruttering og opplæring av personell, må derfor stå sentralt i åra framover. Sjølv om dette arbeidet må gå føre seg i samarbeid med andre organ i kyrkja, med Kirkens Arbeidsgiverorganisasjon, tenestemannsorganisasjonane og utdanningsinstitusjonane, vil arbeid med rekrutteringsspørsmål vere ein viktig del av prosjektet.

Prosjektet må stå under leiging av ei styringsgruppe med brei representasjon, og det vil vere behov for eit nasjonalt prosjektsekretariat. Departementet legg til grunn at Kyrkjerådet skal ha det overordna ansvaret for prosjektet og få i oppdrag å oppnemne styringsgruppa. Prosjektsekretariatet må ha eigne budsjetttrammer og arbeide etter oppdrag frå styringsgruppa. Det vil vere Kyrkjerådet saman med styringsgruppa som må vurdere kva for oppgåver prosjektsekretariatet sjølv vil ha kompetanse og kapasitet til å utføre, kva for oppdrag som etter avtale bør setjast bort til andre, og kva for oppgåver det er naturleg vert utførte av Kyrkjerådet sitt sekretariat.

Ved etableringa av prosjektet er det viktig at ansvars- og oppgåvefordelinga mellom den sentrale prosjektleiinga og bispedømme er avklåra. Departementet vil i denne samanhengen understreke at det er den einskilde kyrkjelyden som på vanleg måte vil ha det formelle ansvaret for det dåpsopplæringsarbeidet som går føre seg i kyrkjelyden. Det same vil gjelde ved gjennomføringa av eit utvida opplæringstilbod og igangsetjing av lokale forsøks- og utviklingstiltak. Fagleg og praktisk rettleiing for den einskilde kyrkjelyden vil det i første rekkje vere bispedømmet som skal gi. Bispedømme bør dessutan ha ei sentral rolle ved fordelinga av dei økonomiske ressursane som vert stilte til rådvelde for forsøks- og utviklingsarbeidet i kyrkjelydane. Departementet meiner på denne bakgrunnen at det må opprettast eit nytt årsverk i

kvart bispedømme. Tilsette i desse stillingane vil i kvart bispedømme vere prosjektleiarar for utviklinga av dåpsopplæringa i bispedømmet, og må som regionale leiarar arbeide i nær kontakt med den sentrale styringsgruppa og prosjektsekretariatet. Når det gjeld bemanninga av det sentrale prosjektsekretariatet, legg departementet til grunn at det bør disponere om lag fem årsverk.

På det grunnlaget som er skissert ovanfor, er det naturleg at Kyrkjerådet i samarbeid med bispedømmet får ansvaret for å utforme ei presis oppgåvefordeling mellom den sentrale prosjektleiinga og bispedømmet. Kyrkjerådet si utforming av mandatet for styringsgruppa vil vere ein naturleg del av dette.

#### *Eit nasjonalt kompetansenettverk*

Å reformere dåpsopplæringa slik departementet går inn for, fører med seg eit langsiktig behov for å styrkje kompetansen og kapasiteten innan opplæringsfeltet i kyrkja. Det største kompetansebehovet vil vere innan pedagogikk. Behovet for spesialpedagogisk kompetanse må understrekast, fordi det vil vere ei særleg utfordring for kyrkjelydane å tilby tilpassa opplæring for barn og unge med særskilde behov.

Den kompetansen innan dåpsopplæringsfeltet som finst i dag, er spreidd på ulike stader. Ved starten av reformprogrammet er det viktig at den kunnskapen som finst, kjem prosjektet til gode. Relevant kompetanse finst i ulike faggrupper og fagmiljø, både blant tilsette i kyrkja og ved institusjonar som arbeider innanfor til dømes pedagogikk, teologi og samfunnsforskning. For å få god utnytting av den fagkompetansen som i dag er spreidd på ulike stader, må kompetansen koplust saman gjennom eit fagleg nettverk og få tett tilknytning til prosjektet og prosjektleiinga. Dei praktiske og faglege utfordringane ved å reformere dåpsopplæringa vil vere så store at departementet ser etableringa av eit slikt nasjonalt kompetansenettverk for dåpsopplæring som ein sentral del av reforma. Mellom anna vil fagpersonar tilsette på ulike nivå i kyrkja og ved institusjonar som driv forskning, utdanning og religionspedagogisk utviklingsarbeid, vere naturlege deltakarar i nettverket. Prosjektleiinga i samarbeid med Kyrkjerådet bør få til oppgåve å etablere og halde nettverket ved like, og vere den koordinerande instansen i nettverket.

#### *Finansieringa av reformprogrammet*

Dåpsopplæringsutvalet la til grunn at den budsjettmessige satsinga innan dåpsopplæringsfeltet i første rekkje måtte kome over statsbudsjettet. Sjølv om store delar av verksemda i kyrkja i dag vert finansierte over kommunebudsjetta, og dåpsopplæringa høyrer heime i den einskilde kyrkjelyden, såg ikkje dåpsopplæringsutvalet det som aktuelt å leggje vesentlege nye utgiftsplikter på kommunane på dette området. Departementet ser det på same måten, og meiner utgangspunktet må vere at meirutgifter som vil kome som følgje av eit utvida opplæringstilbod i kyrkjelydane, må dekkjast av dei midlane som departementet går inn for å løyve på statsbudsjettet i samband med reformprogrammet og styrkinga av dåpsopplæringa.

Reform av dåpsopplæringa i kyrkja vil ikkje vere avslutta før alle kyrkjelydane har innført eit utvida og systematisk opplæringstilbod. Framdrifta og innretninga av reforma må gå føre seg på bakgrunn av dei erfaringane som vert gjorde over tid, særleg frå forsøks- og utviklingsperioden. Dåpsopplæringsutvalet kvantifiserte ein budsjettmessig opptrappingsplan som skulle gå over ti år. Departementet meiner det er knytt så vidt mange usikre faktorar til dei budsjettmessige konsekvensane av eit utvida opplæringstilbod i alle kyrkjelydane, at grunnlaget for å rekna ut konsekvensane og å leggje fram ein bindande opptrappingsplan for reforma, ikkje er til stades. Erfaringane frå forsøksarbeidet skal mellom anna gi kunnskap om kor mange barn og unge som tek del i tilbodet, om eit opplæringstilbod på 315 timar bør vere retningsgivande for den vidare utbygginga og om rekrutteringa av personell innan opplæringsfeltet er tilfredsstillande i høve til behovet. Desse faktorane vil ha verknad for dei faktiske konsekvensane. Av omsyn til motivasjonen for ein forsterka innsats i kyrkjelydane og for gjennomføringa av det systematiske forsøks- og utviklingsarbeidet som det er gjort greie for ovanfor, er det likevel viktig no å klårgjere kva for budsjettføresetnader for reformarbeidet som departementet vil leggje til grunn i tida framover. Såleis legg departementet til grunn at dåpsopplæringa skal ha ei budsjettmessig opptrapping til om lag 250 mill. kroner innanfor ein periode på fem til ti år. Departementet vil understreke at ein slik opptrappingsplan ikkje kan vere bindande, og den må kvart år vurderast i lys av den aktuelle budsjettsituasjonen. Det femårige forsøks- og utviklingsarbeidet skal finansierast innanfor ramma av den nemnde opptrappingsplanen. Departementet vil derfor kvart år vurdere framdrifta og takten i løyvingane, og kome tilbake til



forslag til konkrete løyvingar i dei årlege statsbudsjetta.

Det meste av auken på 250 mill. kroner vil vere tilskott til stillingar som arbeider med dåpsopplæring i kyrkjelydane. Ein del av auken må disponerast for sentrale utviklingstiltak, dvs. til utvikling av pedagogiske opplegg og opplæringsmateriell, til rekrutteringstiltak, IT-tiltak, gjennomføring av evalueringar m.m. Det er naturleg at Kyrkjerådet, etter innstilling frå bispedømma og prosjektleiinga, kvart år utarbeider budsjettforslag til departementet, fordelt på dei ulike tiltaka.

Vi har i dag vel 1 300 sokneråd og 435 kyrkjelege fellesråd. Det kyrkjelege fellesrådet vil vere den naturlege tilskottsmottakaren på vegner av kyrkjelydane i kommunen. Ein auke på 250 mill. kroner til dåpsopplæringa representerer eit tilskott på meir enn 0,5 mill. kroner til kvart fellesråd. Tildeling av midlar til det kyrkjelege fellesrådet/den einskilde kyrkjelyden vil vere bispedømmet sitt ansvar, på grunnlag av søknader frå fellesråda og kyrkjelydane. I vurderingane av søknadene vil mange omsyn gjere seg gjeldande, mellom anna omsyna til breidd og kvalitet, til lokale tilpassingar m.m. Det er naturleg at Kyrkjerådet og bispedømma får i oppgåve å arbeide med retningslinjer for korleis budsjett-tildelinga til bispedømma og til kyrkjelydane bør vere.

### Oppsummering

For å nå målet om eit utvida, systematisk og velorganisert opplæringstilbod for alle døypte barn i alle kyrkjelydane i landet, går departementet inn for å setje i gang eit nasjonalt reformprogram for dåpsopplæringa. Dei første fem åra skal vere ein forsøks- og utviklingsperiode som femner breitt. Forsøks- og utviklingstiltak, saman med evaluering og innhenting av erfaringar, vil vere hovudelement i denne delen av reformprogrammet. Forsøks- og utviklingsarbeidet skal byggje på ei arbeidsdeling mellom bispedømma, der bispedømma – og kyrkjelydane der – får ansvaret for å utvikle og prøve ut ulike delar av eit opplæringstilbod på 315 timar. Arbeidsdelinga skal vere retningsgivande, ikkje bindande, for slik å få fleksibilitet og rom for lokale tilpassingar. I 33 utvalde kyrkjelydar skal det i tillegg utviklast eit fullt utbygd opplæringstilbod på 315 timar. Forsøks- og utviklingsarbeidet skal vere organisert som eit prosjekt, med ei sentral prosjektleiing. Kyrkjerådet skal ha det overordna ansvaret for prosjektet. Fagleg og praktisk rettleiing til kyrkjelydane skal bispedømma ha primæransvaret for. Det same gjeld tildelinga av tilskott til kyrkjelydane. Som ein del av prosjektet skal det

etablerast eit nasjonalt kompetansenettverk for dåpsopplæring, slik at den fagkompetansen det er nødvendig å gjere bruk av i samband med reforma, vert utnytta rasjonelt.

I tida etter den første delen av reformperioden kjem utbyggings- og konsolideringsperioden, med vidare utbygging av eit systematisk dåpsopplæringstilbod i alle kyrkjelydane. Departementet meiner tidsperspektivet for eit utvida og systematisk opplæringstilbod i alle kyrkjelydane i landet bør vere ti år. Departementet legg til grunn ei budsjettmessig opptrapping på om lag 250 mill. kroner for gjennomføringa av reforma. Tidsperspektivet for denne opptrappinga er fem til ti år. Opptrappingsplanen kan ikkje vere bindande, men må vurderast kvart år i lys av den aktuelle budsjettsituasjonen. Hovuddelen av løyvingane skal gå som tilskott til kyrkjelydane. Elles skal løyvingane gå til sentrale utviklingstiltak og til å styrkje kompetansen og kapasiteten på regionalt og nasjonalt nivå i kyrkja. Departementet vil kvart år vurdere framdrifta og takten i løyvingane til dåpsopplæringa.

### 4.4.3 Andre spørsmål på vegen

#### *Om rett og plikt til å delta i opplæringstilbodet*

Med bakgrunn i den samanhengen det er mellom dåp og dåpsopplæring, understreka dåpsopplæringsutvalet at alle som vert døypte, har eit rettmessig krav på å få tilbod om dåpsopplæring frå kyrkja. Utvalet meinte det var viktig å få lovregulert denne retten, slik at alle døypte vert sikra individuell rett til opplæring, men at lovfesting likevel ikkje ville vere aktuell før det nødvendige omfanget av dåpsopplæringstilbodet i kyrkja er etablert, og den individuelle retten i praksis kan oppfyllest. Høyringa av forslaga frå dåpsopplæringsutvalet, og vedtaket om saka på Kyrkjemøtet 2001, viste stor semje i denne måten å vurdere spørsmålet på. Departementet viser til dette, og kan ikkje sjå at det no er grunn til å ta opp til konkret og praktisk drøfting dei ulike sidene og konsekvensane ved lovfesta, individuell rett til dåpsopplæring for alle døypte.

Dei fleste andre lovforslaga som dåpsopplæringsutvalet tok opp til drøfting, handla i hovudsak om å presisere ansvarsfordelinga mellom dei ulike kyrkjelege organa ved etableringa av eit utvida og systematisk dåpsopplæringstilbod. Mange av desse forslaga er baserte på den same vurderingane som gjeld for lovreguleringa av individuell rett, dvs. at dei ikkje er aktuelle å vurdere konkret før eit utvida og systematisk dåpsopplæringstilbod ligg føre i alle kyrkjelydar. I den grad erfaringane ved det forsøks- og utviklingsprogrammet som er omtalt

ovanfor, reiser spørsmål om endringar i den ansvarsdelinga som lovverket no har reglar om for dei kyrkjelege organa, reknar departementet med at den nødvendige tilpassinga vil kunne skje innanfor ramma av dei seinaste endringane i kyrkjelova § 14, jf. Innst. O. nr. 97 (2000–2001) og Ot.prp. nr. 90 (2000–2001), der det ut frå behovet for forsøks- og utviklingsarbeid i kyrkja vart opna for forsøk med ei anna ansvars- og arbeidsdeling mellom dei kyrkjelege fellestråda og sokneråda enn den kyrkjelova har reglar om. Departementet vil likevel i tida framover vurdere om det vil vere behov for endringar i det kyrkjelege lov- og regelverket, noko departementet i så fall vil kome tilbake til.

Til utgreiinga frå dåpsopplæringsutvalet reiste nokre høyringsinstansar spørsmål om eit utvida og systematisert dåpsopplæringstilbod i kyrkja ville føre med seg ei forsterka eller bindande plikt til deltaking. Departementet viser til at det for den som vert døypt i Den norske kyrkja i dag, ikkje er knytt bindande vilkår eller rettslege krav om deltaking i eit opplæringstilbod i regi av kyrkja. Eit utvida og systematisk dåpsopplæringstilbod i kyrkja vil ikkje endre dette. Deltakinga i tilbodet vil vere frivillig for den døypte, og det mynde dei som er føresette for barnet i dag har til å ta avgjerd om deltaking, vil vere uinnskrenka. Tilhøvet mellom kyrkja og foreldra/dei føresette til barnet, vil ved eit utvida og systematisert opplæringstilbod vere kjenneteikna ved det felles ansvaret kyrkja og heimen òg i dag har for den døypte, slik dette kjem til uttrykk i liturgien for dåpshandlinga.

#### *Dåpsopplæringa og den offentlege skulen*

Dåpsopplæringsutvalet la til grunn at det må vere kyrkjelydane som er ansvarlege for dåpsopplæringa, at opplæringa normalt må gå føre seg i kyrkja sine lokale, i første rekkje i kyrkjebygget, men at det av praktiske grunnar – og mest aktuelt for alderstrinnet 6–10 år – ved lokale avtalar ofte vil kunne vere fordelar ved at opplæringa går føre seg i skulebygget på dagtid, nær opp til den ordinære undervisningstida i skulen. I høyringa kom det ikkje fram innvendingar mot dette. Departementet meiner det i dette spørsmålet må vere opp til lokalsamfunnet å finne tenlege og praktiske løysingar. I kor stor grad opplæringa i den einskilde kyrkjelyden bør eller vil kunne givast i kyrkjebygget eller i anna lokale som kyrkjelyden rår over, eller i skulebygget, må avgjerast av kyrkjelyden i samarbeid med skulen og heimen. Departementet vil likevel peike på at det i vårt land mange stader ikkje vil liggje til rette for å bruke kyrkjebygget. Mange stader, ikkje minst i kyrkjelydar med store reiseav-

standar og kostbar og tidkrevjande skyss, vil ei slik ordning naturleg føre med seg at mange barn ikkje kan ta del i opplæringa. Ved eit opplæringstilbod der ein bruker lokala i skulen, og tida for opplæringa vert lagd nær den ordinære skuletida, vil det òg mange stader liggje betre til rette for utnytting av det lokale tilbodet om skuleskyss. Det må elles vere den som elles tek avgjerd om bruken av skulen utanom den ordinære undervisningstida, som avgjer spørsmålet om å bruke skulen til dette formålet. Det same prinsippet må gjelde for andre trudoms- og livssynssamfunn som ønskjer å bruke den lokale skulen til liknande verksemd.

Dåpsopplæringsutvalet la til grunn at det normale timetalet for eit utvida dåpsopplæringstilbod ikkje skulle gå av dei ordinære undervisningstimane i skulen. Utvalet viste her til at dåpsopplæringa – med det innhaldet og målet opplæringa skal ha – må vere kyrkja sitt opplæringstilbod. Høyringa viste stor semje i dette prinsipielle spørsmålet, og departementet ser det ikkje annleis.

Med omsyn til kyrkjelova § 36, som ved avtale mellom skulen og kyrkja i dag regulerer bruken av undervisningstida i skulen til konfirmasjonsopplæring, meinte dåpsopplæringsutvalet at det var behov for innstramming, og at ordninga i kyrkjelova § 36 berre burde gjennomførast dersom det låg føre tunge grunnar. Dette spørsmålet vart elles vurdert av kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen i 1996 i samband med forslaget til nytt lovverk for Den norske kyrkja. På bakgrunn av forslag frå fleirtalet i komiteen gjorde Stortinget i 1996 dette vedtaket, jf. Innst. O. nr. 46 (1995–96):

«Stortinget ber Regjeringa i samarbeid med Kirkerådet vurdere hvordan kirkens konfirmasjonsundervisning kan tilrettelegges praktisk samtidig som hensynet til barn med annen tros- eller livssynsbakgrunn blir ivaretatt.»

Bakgrunnen for vedtaket går fram av komiteinnstillinga, jf. Innst. O. nr. 46 (1995–96) der det mellom anna heiter (side 19):

«Flertallet er klar over at det først og fremst er praktiske og økonomiske årsaker som ligger til grunn for dagens praksis hjemlet i lov. Flertallet er også klar over at svært mange skoler benytter denne ordningen nettopp av hensyn til skoleskyssordninger. Flertallet vil på denne bakgrunn ikke fremme forslag om å oppheve § 36 i denne omgang, men vil be departementet vurdere nærmere hvordan dette kan løses slik at det ikke vil bryte med intensjonene i enhets-skolebegrepet om at grunnskolen skal være en felles møteplass for alle barn, og der det ikke er ønskelig å skille barna på bakgrunn av religiøs eller livssynstilhørighet.»

Som komitefleirtalet peikte på, har reglane i kyrkjelova § 36 om at konfirmasjonsopplæringa kan leggjast som ein del av undervisningstida i skulen, først og fremst eit praktisk og økonomisk motiv. Reglane i kyrkjelova § 36 er ei vidareføring av reglane i eldre lovverk på området, og har samanheng med behovet for å utnytte dei skuleskyssordningane som er etablerte. Kyrkjelova § 36 har dermed størst aktualitet i kyst- og landdistrikt. Departementet vil understreke at bruk av skulen til konfirmasjonsopplæringa som kyrkjelova § 36 gir løyve til, ikkje er ein del av skulen si verksemd. Dersom denne opplæringa hadde vore eit ansvar for skulen, dvs. ein del av det undervisningstilbodet skulen gir, ville dette ha vore i strid med grunnlaget for KRL-faget og føresetnaden om at skulen ikkje skal gi opplæring i ei særskilt tru eller livssyn. Som nemnt har kyrkjelova § 36 eit praktisk motiv. Nokre timar av den samla undervisningstida i skulen skal kunne nyttast til konfirmasjonsopplæring ved at presten eller den som på vegner av kyrkja har ansvaret for konfirmasjonsopplæringa på staden, kan kome til skulen og ha konfirmasjonsopplæring innanfor ramma av skuletida til elevane. Etter departementet si meining vil dei praktiske og økonomiske konsekvensane av å oppheve eller stramme inn reglane i kyrkjelova § 36 kunne vere så store somme stader at departementet ikkje no ser grunnlag for å endre reglane. Departementet reknar med at kyrkja og skulen lokalt finn fram til praktiske løysingar, som òg tek omsyn til barn som høyrer til andre trudoms- eller livssynssamfunn, eller som av andre grunnar ikkje tek del i konfirmasjonsopplæringa. Til dømes bør det

ikkje vere noko til hinder for at medlemmer av trudoms- eller livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja får tilbod om å nytte dei aktuelle timane til liknande opplæring, dersom dette er ei aktuell løysing på staden. Departementet viser elles til at dåpsopplæringsutvalet ikkje foreslo å oppheve reglane om dette i kyrkjelova § 36, men meinte det måtte liggje føre tunge grunnar for å praktisere ordninga. Departementet har tillit til at kyrkja, skulen og heimane saman vil kunne avgjere om slike grunnar ligg føre.

Høyringsinstansane var elles langt på veg same med utvalet i at å utvide dåpsopplæringstilbodet i kyrkja ikkje skulle ha innverknad på fag- og timeplanane for KRL-faget i skulen. Departementet viser til at ein eventuell revisjon av fag- eller timeplanane for KRL-faget må gå føre seg etter dei vanlege prosedyrane som gjeld på dette området, men kan ikkje no sjå at gjennomføringa av eit utvida dåpsopplæringstilbod i kyrkja aktualiserer spørsmålet. Det er snarare slik at endringane på dette feltet i skulen har aktualisert behovet for ei reform av kyrkja si dåpsopplæring. Målet og grunnlaget for KRL-faget i skulen er annleis enn det målet og grunnlaget kyrkja og andre trudoms- og livssynssamfunn har for opplæringsverksemda si. Utviklinga av dette faget må etter departementet sitt syn vurderast utan omsyn til korleis opplæringstilbodet i dei einskilte trudoms- og livssynssamfunna utviklar seg. Departementet viser elles til Innst. S. nr. 240 (2000–2001) og St.meld. nr. 32 (2000–2001) om evalueringa av KRL-faget.

## 5 Økonomiske og administrative konsekvensar

### 5.1 Økonomiske konsekvensar

Departementet går i denne meldinga inn for ei reform av dåpsopplæringa i Den norske kyrkja. Målet med reforma er å styrkje dåpsopplæringa i Den norske kyrkja ved at det over tid går føre seg ei systematisk utviding av opplæringstilbodet i kyrkjelydane. Den første delen av reforma skal vere kjenneteikna ved forsøks- og utviklingsarbeid som femner breitt og har sterk lokal og regional forankring. Denne delen skal vere prosjektorganisert, avgrensa i tid og med arbeidsdeling mellom det lokale, regionale og sentrale nivået i kyrkja. Departementet legg til grunn at finansieringa av reforma skal vere ei oppgåve for statsbudsjettet.

Budsjettbehovet i samband med reforma vil i hovudsak handle om å utvide dei statlege løyvingane til kyrkjelydane. I første rekkje vil det vere behov for statstilskott til stillingar for kateketar og dåpslærarar, men det vil òg vere aktuelt å løyve midlar til andre typar stillingar. Dette heng saman med at eit utvida opplæringstilbod i kyrkjelydane vil ha konsekvensar for dei fleste tenestekategoriene i kyrkja. Statstilskottet til kyrkjelydane må i tillegg gi rom for å dekkje andre typar driftsutgifter som vil kome som følge av eit utvida opplæringstilbod. Budsjettbehovet vil variere mellom kyrkjelydane, med bakgrunn i demografiske og strukturelle skilnader, og med bakgrunn i dei økonomiske ressursane kyrkjelydane har i dag mellom anna når det gjeld preste-, kateket- og diakonstillingar.

Utover ein auke i statstilskottet til kyrkjelydane må det løyvast midlar over statsbudsjettet til sentrale utviklingstiltak. Behovet for å utvikle opplæringsmateriell og pedagogiske opplegg til bruk i kyrkjelydane vil vere stort. Det same gjeld behovet for utvikling og bruk av ny teknologi i dåpsopplæringa. Utarbeiding av opplæringsmateriell på dei samiske språka må få ei opptrapping, og det må setjast av meir midlar til utvikling av tilpassa opplegg for barn og unge med særskilde behov. Med bakgrunn i den relativt svake rekrutteringssituasjonen som den kyrkjelege arbeidsmarknaden i dag er i, må ulike tiltak som kan stimulere rekrutteringa til kyrkjelege stillingar, ha høg prioritet.

I samband med reforma legg departementet til

grunn at kvart bispedømme må få ei prosjektstilling, slik at bispedømma har kapasitet og kompetanse til å gi fagleg og anna støtte til kyrkjelydane. På sentralt hald i kyrkja er det behov for eit prosjektsekretariat med om lag fem stillingar.

Av pkt. 4.4.2 går det fram at departementet legg til grunn ei budsjettmessig opptrapping på om lag 250 mill. kroner for gjennomføringa av ei reform av dåpsopplæringa i kyrkja. Det går elles fram at opptrappingsplanen har eit tidsperspektiv på fem til ti år og at den kvart år må vurderast i lys av den aktuelle budsjettsituasjonen. Det meste av løyvingane skal gå som tilskott til kyrkjelydane, og elles til sentrale utviklingstiltak og til å styrkje kompetansen og kapasiteten på regionalt og nasjonalt nivå i kyrkja. Det er naturleg at Kyrkjerådet kvart år utarbeider budsjettforslag til departementet, med forslag til fordeling på dei ulike tiltaka.

Departementet meiner tidsperspektivet for gjennomføring av reforma bør vere ti år, men framdrifta vil mellom anna henge saman med korleis rekrutteringssituasjonen utviklar seg, og kva erfaringar som vert gjorde i forsøks- og utviklingsarbeidet i første delen av reformperioden.

Kommunane sine utgiftsplikter i høve til kyrkja er i dag regulerte i kyrkelova § 15. Etter reglane i kyrkelova har kommunane størstedelen av finansieringsansvaret for kyrkja si verksemd. Som nemnt legg departementet til grunn at ei reform av dåpsopplæringa i kyrkja skal vere eit ansvar for statsbudsjettet. Departementet meiner det ikkje er aktuelt å leggje nye utgiftsplikter på kommunane i samband med reforma. Reform av dåpsopplæringa i Den norske kyrkja bør gjennomførast innanfor ramma av dei reglane som i dag er nedfelte i kyrkelova om kommunane sine utgiftsplikter.

### 5.2 Administrative og andre konsekvensar

For statsforvaltninga vil dei administrative konsekvensane av ei reform av dåpsopplæringa i første rekkje vere knytte til føresetnaden om å leggje faglege oppgåver til bispedømma og til etableringa av ei sentral prosjektleiing, jf. pkt. 4.2.2. Som

nemnt vil meiroppgåvene for bispedømmeråda bli kompenserte med eit nytt årsverk i kvart bispedømme. På sentralt hald i kyrkja skal Kyrkjerådet ha det overordna ansvaret, med oppgåver delegererte til den sentrale prosjektleiinga.

Reforma av dåpsopplæringa i Den norske kyrkja skal gjennomførast og kome til uttrykk i våre kyrkjelydar. Reforma skal i første rekkje ha verknader lokalt. Det er i kyrkjelydane dei administrative konsekvensane av reforma derfor vil ha størst omfang. Utprøving av ulike organisatoriske og praktiske løysingar i kyrkjelydane, saman med kartlegging og evaluering av dei administrative verknadene av reforma, er ein naturleg del av forsøks- og utviklingsarbeidet i første delen av reformperioden. Departementet meiner elles at den prosjektorganiseringa og oppgave- og arbeidsdeling mellom bispedømme som det er gjort greie for i pkt. 4.2.2, har administrative vinstar. Prosjektorganiseringa har samordning som grunnlag og hovudmotiv. Det vil liggje til rette for praktisk og organisatorisk samarbeid kyrkjelydane imellom, mellom sokneråda og mellom dei kyrkjelege fellesråda. Den samla fagkompetansen vil kunne utnyttast meir systematisk og rasjonelt, og det vil liggje til rette for praktiske og meir effektive rapporterings- og evalueringssopplegg.

#### *Konsekvensar for andre trudoms- og livssynssamfunn*

Det følgjer av reglane i lov 13. juni 1969 om trdomssamfunn og ymist anna § 19, jf. lov 12. juni 1981 om tilskott til livssynssamfunn §§ 1–3, at ei økonomisk satsing på dåpsopplæringa i Den norske kyrkja vil føre til same auke i den statlege støtta til andre trudoms- og livssynssamfunn, rekna per medlem. Ei auka løyving på 250 mill. kroner til dåpsopplæringa i Den norske kyrkja vil etter reglane og medlemstala i dag utløyse ein auke på 20 – 25 mill. kroner til andre trudoms- og livssynssamfunn.

Kultur- og kyrkjedepartementet

tilrår:

Tilråding frå Kultur- og kyrkjedepartementet av 11. oktober 2002 om trusopplæring i ei ny tid, om reform av dåpsopplæringa i Den norske kyrkja, blir send Stortinget.







